

## Økonomiplan 2020-2023 og budsjett 2020



## **Kommunedirektøren si innleiing**

Bykle kommune har sidan 1980 hatt gode driftsresultat som i stor grad skuldast inntektene frå vasskraft. I NOU 2019:16 har eit ekspertutval lagt fram eit nytt forslag om omfattande endringar av skatteartene som tilfell kommunen via vasskrafta, og som vil påverke inntektene til kraftkommunane drastisk, tilsvarande ein reduksjon for Bykle på kr 74 mill/pr år. Med inntektsprognosene som regjeringa legg fram vil det medføre alvorlege konsekvensar for Bykle og det vil fremover i tid ikkje vere grunnlag for å oppretthalde tenestetilbodet som det er i dag.

Tross prognosane vil Bykle fortsatt ha positive resultate neste 4 års periode, samtidig som det blir ein periode til å områ og tilpasse seg endra inntekter, for å fortsatt kunne levere gode kvalitetsmessige tenester også i årene framover. I ein overgangsperiode vil det vere mulig å kompensere noko av inntektstapet ved å tappe driftsfondene, men berre som ei kortvarig løysing til drifta er normalisert i høve nye føresetnader. Det vil også vere viktig å jobbe for fleire arbeidsplassar i privat sektor, og å finne andre inntektskjelder. Det vil i framtida være nødvendig å foreta en omfattande gjennomgang av organisasjonen slik at man får til dei gode tilpassingane som ikkje vil utfordre kvaliteten og faglegheita. Trepartsamarbeidet (formannskap/kommunestyre, tillitsvalte og leiarar) må finne gode løysningar saman.

Bykle kommune har rundt 176 tilsette med god og høy kompetanse. Kommunesektoren treng også i åra som kjem rett kompetanse for å tilpasse organisasjonen til endringane i samfunnet. Vi er inne i ei tid med fokus på digitalisering, omstillingar med større krav til effektivitet, samt raskare tenesteutvikling. Bykle må ha en arbeidsgivarpolitikk som gjør oss attraktive som arbeidsgivar med fokus på kvalitet, effektivitet, trivsel, utvikling og arbeidsglede for den enkelte tilsette.

Nye investeringer krev mykje strengare vurderingar i framtida og det vil være nødvendig med strengare prioriteringar. Det kan være hensiktsmessig å planlegge større investeringar i eit lengre tidsperspektiv og avsette midlar over ei årrekke. Større andel av anleggsbidrag / utbyggingsavtaler vil være aktuelt for å holde utbyggingstakten av nødvendig infrastruktur og slik utløyse nye byggeområder slik kommuneplanen sin arealdel legg opp til.

Kommuneplanen er vårt viktigaste styringsdokument. Kommunedirektøren ser at ein framover må arbeide meir systematisk i høve å operasjonalisere strategiske tiltak som kan utløyse ønskja målsettingar på ein annan måte enn i dag. Fokuset må utvidast frå i dag å vere på drift og investering til og meir utviklingsorientering. I 2020 vil ein arbeide særskilt med ny økonomiplan som har i seg desse tre temaene langt tydlegare enn i dag.

Bykle 25.10.2019

Karina Sloth Grindland



kommunedirektør

## FORORD

Kommunedirektøren presenterer med dette framlegget til økonomiplan for perioden 2020-2023 samt årsbudsjettet for 2020 for Bykle kommune.

Oppbygginga og inndelinga av hovudoversiktene er slik som tidlegare, og nivået som budsjettet er tilrådd vedteke på, følgjer inndelinga i tenesteeiningar. Driftstiltak utgjer ein sum for kvar tenesteeining. I rekneskapen vert budsjettet splitta ut på rekneskapsbegrepet «ansvar» for betre kontroll og budsjettoppfølging. Fordeling ut på kvart ansvar vert tilrådd tillagt kommunedirektøren etter at kommunestyret har gjeve sine retningslinjer og gjort sitt vedtak om disponering av midlane for år 2020.

Framlegget til økonomiplan og årsbudsjett skal først til handsaming i ungdomsrådet, eldrerådet, arbeidsmiljøutvalet, råd for personer med nedsatt funksjonsevne, likestillingsutvalet, planutvalet og administrasjonsutvalet før det vert lagt fram for formannskapet og kommunestyret for endeleg handsaming.

Handsaminga i råd og utval vert ikkje vurderer/handtera av kommunedirektøren, men følgjer som særskilte vedtak direkte til formannskapet som innstiller til kommunestyret.

### **Tidsplanen for politisk handsaming er som følgjer:**

Ungdomsrådet	onsdag 6.november
Eldrerådet	torsdag 7. november
Arbeidsmiljøutvalet	torsdag 7.november
Råd for personer med nedsatt funksjonsevne	torsdag 7.november
Likestillingsutvalet	torsdag 7.november
Planutvalet	måndag 11.november
Administrasjonsutvalet	tysdag 12.november
Formannskapet	tysdag 12.november
Kommunestyret	torsdag 28.november

I dette dokumentet utgjer økonomiplanen for 2020-2023 del 1, medan budsjettet for 2020 utgjer del 2.

**Tabeller og tall er oppdatert etter vedtak i kommunestyret 28.11.2019**

Bykle, 25.10.2019

Karina Sloth Grindland  
Kommunedirektør

Ann H.R. Ebeltoft  
Økonomisjef

Kommunedirektøren si innleiing.....	2
1. Plattform for budsjett og økonomiplan. ....	5
2. Hovudutfordringar.....	11
3. Formellt grunnlag/overordna føringar.....	15
3.1 Finansielle måltall .....	15
4. Kommunen sin økonomiske situasjon.....	17
Del 1 – Økonomiplan 2020-2023.....	20
5. Kommunedirektøren sine kommentarar til økonomiplanen for 2020-2023.....	20
5.1. Inntekter, kostnader og tenestetilbod.....	20
5.2. Næringsarbeid, rammer for næringsretta tiltak .....	22
5.3. Tiltak i økonomiplanen. ....	23
5.4. Konklusjon/oppsummering. ....	23
6. Økonomiplan, bevilgningsoversikt investering, 2020-2023 .....	24
7. Bevilgningsoversikt, investering til fordeling 2020-2023.....	25
8. Økonomiplan Bykle kommune, drift, 2020-2023 .....	29
9. Detaljerna tiltaksoversyn drift, 2020-2023.....	30
10. Oversyn over utvikling i skattar og avgifter.....	32
Del 2 - Budsjett 2020 .....	33
11. Oversyn over fondskonti .....	33
12. Bevilgningsoversikt – investering .....	34
13. Bevilgningsoversikt, investering fordelt på prosjekt.....	35
14. Økonomisk oversyn etter art – drift.....	37
15. Bevilgningsoversikt drift.....	37
16. Bevilgningsoversikt drift, budsjett per tenesteeining.....	38
17. Personaldel. ....	39
18. Kommentarar til årsbudsjett og økonomiplan på tenesteeiningsnivå.....	41
18.1. Investeringsbudsjettet (kapitalbudsjettet).....	41
18.2. Driftsbudsjettet .....	42
19. Budsjett per eining: .....	44
Eining 100 Rådmannstaben.....	44
Eining 110 Pleie- og hjelpetenesta .....	45
Eining 120 Nav/barnevern.....	48
Eining 121 Helsetenesta i Bykle og Valle .....	50
Eining 130 Teknisk drift og eigedom.....	52
Eining 150 Kultur og fritid.....	53
Eining 160 Bykle barne og ungdomsskule, vaksenopplæringa.....	55
Eining 170 Barnehage .....	57
Eining 180 Fjellgardane skule .....	58
20. Kommunale avgifter, prising og tilskott for 2020.....	60

## 1. Plattform for budsjett og økonomiplan.

I vedteken samfunnsdel av kommuneplan for Bykle, 2016 – 2026, vedteken av kommunestyret 27.09.2017, er det definera følgjande fem hovudtema som ein planlegg og jobbar utifrå. Klima, det gode liv, utdanning, kommunikasjon og kultur. Desse tema tek utgangspunkt i regionplan Agder sine fokusområder.

Hovudmål for Bykle kommune si utvikling er som følgjer:

*Bykle kommune skal ha eit langsiktig perspektiv på utvikling og forvaltning av kommunen sine ressursar.*

Dette er brote ned i følgjande delmål:

- I 2026 skal innbyggjartalet i Bykle kommune vere over 1000. Bykle kommune skal auke talet på heilårlege arbeidsplassar i privat sektor, innafør ulike faggrupper.
- I 2026 skal Bykle kommune fortsette å vere Agders største og beste vinterdestinasjon.
- Bykle kommune skal sikre og utvikle eit variert bustadtilbod, lokalisert ut frå omsynet til samordna bustad- og arealplanlegging.
- Vi skal saman skape eit samfunn som gjev gode muligheter til god psykisk helse og trivsel heile livet.
- Bykle kommune skal vere ein pådrivar for gode regionale og interkommunale samarbeid.

### Tema 1. Klima.

Mål i regionplan Agder: Høge mål - låge utslepp.

Mål for Bykle: Bykle kommune skal vere trygg og framtidsretta i det grøne skifte.

Verdiskaping bygd på naturen og fornybar energi skal kome Bykle til gode.

Delmål:

- Legge til rette for miljøvenleg og kollektiv transport innad i kommunen (grendebuss)
- Satse på bioenergi, og planlegge med tanke på dette.
- Forvalte naturverdiar og kulturlandskap i eit langsiktig perspektiv.
- Legge til rette for landbruk, kortreist mat og bruk av utmarksbeite.
- Vidareutvikle vasskraft med fokus på lokalmiljø.
- Førebygge og minimere konsekvensar av uønska hendingar og klimaendringar.

### Tema 2. Det gode liv.

Mål i regionplan Agder: Agder for alle.

Mål for Bykle: Bykle kommune skal vere så attraktiv at folk som bur her vil bli, og at nye vil flytte hit. Det skal vere godt å bu og arbeide her heile livet. Vi må fokusere på næringsutvikling for å skape heilårsarbeidsplassar. Vi skal legge til rette slik at alle kan ha god helse.

Delmål:

- Legge til rette for nye arbeidsplassar, særleg i privat sektor.
- Vere opne for mangfald og satse på likestilling.
- Vidareutvikle turveg nettet.
- Ha gode system for å inkludere nye som kjem til kommunen.
- Vidareutvikle betre samlingsplassar for ungdom.
- Stø oppunder familiane med tanke på ein god oppvekst for alle.
- Utvikle møteplassar der fleire generasjonar kan samlast.
- Arbeide målretta for å utjamne sosiale helseskilnader.

### **Tema 3. Utdanning.**

Mål i regionplan Agder: Verdiskaping bygd på kunnskap.

Mål for Bykle: Bykle kommune skal ha gode vilkår for god læring heile livet, frå barnehage til vidaregåande skule og vaksenopplæring.

Delmål:

- Legge til rette for livslang læring.
- Trygg skuleveg for alle.
- Fleire lærlingeplassar, også i privat sektor.
- Arbeide aktivt for god folkehelse for å hindre fråfall i den vidaregåande skulen.
- Ha fokus på lokal natur og kultur i skulen.
- Vidare utnytting av potensiale ved Hovden vidaregåande skule, også når det gjeld lokale elevar.
- Arbeide for meir desentralisert utdanning.

### **Tema 4. Kommunikasjon**

Mål i regionplan Agder: Dei viktige vegvala.

Mål for Bykle: «Gul stripe til Hovden».

Delmål:

- Vere aktive i høve til regional og nasjonal vegutbygging.
- Prioritere gåande og syklande i planlegging.
- Legge til rette og satse på kollektiv transport.
- Få på plass tilbod om grendebuss og taxi.
- Vere ein pådrivar for vidare utvikling av fiber i kommunen og i regionen.

Kommunikasjon i lokalsamfunnet.

Mål for Bykle: Bykle kommune skal vere ein arena for god og sakleg kommunikasjon der alle er verdsett.

Delmål:

- Vidareutvikle og satse på digital informasjon.
- Ha etisk nettkommunikasjon.
- Open og ærleg kommunikasjon innad og utad i kommunen.
- Vere eit truverdig forvaltningsorgan.
- Ein skal ha fokus på innbyggjarservice og på å gjere brukarane nøgd med tenestene.
- Lage kommunikasjonsstrategi i løpet av planperioden.
- Stimulere til politisk engasjement og ein levande samfunnsdebatt.

### **Tema 5. Kultur.**

Mål i regionplan Agder: Kultur-opplevingar for livet.

Mål for Bykle: Bykle kommune set pris på mangfaldet.


Delmål:

- Ta vare på og utvikle det gode kulturtilbodet.
- Arbeide for å vidareutvikle anlegg for idrett, kultur og friluftsliv.
- Stimulere til eit variert tilbod av frivillige lag og organisasjonar og marknadsføre desse.
- Spele på historia vår og det som er særmerkt for Bykle.
- Løfte og fremje eigne tradisjonar, og vere opne for nye.
- Satse på kulturtilbod som engasjerer kropp og sjel.
- Bykle kommune skal anerkjenne og legge til rette for ulike trus- og livsynsamfunn i ein inkluderande og mangfaldig kommune.
- Satse på kulturminne som er prioritert i kommunedelplan for kulturminne.

Dei 3 viktigaste ressursområda for å gjennomføre overordna målsettingar om ei positiv samfunnsutvikling er folketallutvikling, økonomi og arealtilgang

### **Folketall:**

Folketallutviklinga i Bykle har over ei tidslinje på 10 år vore negativ med ein reduksjon på 12 innbyggjarar frå 01.01.2009 til 01.01.2019. Sjå graf nedanfor. Etter ein nedgang i 2012 og 2013 så viste kurva ein utflatande tendens. Prognosene frå SSB tilseier ein vidare vekst i åra framover. Frå 1974 (483 innbyggjarar) og fram til i dag er folketallet dobla. For landet som heilskap har auken i samme 40-årsperioden vore på 35%.




I økonomiplanperioden vil det vere eit sterkt fokus på vekstskapande tiltak.

### Økonomi:

Store kraftutbyggingar i Bykle har ført til at Bykle frå slutten av 80-tallet og frametter har hatt ein god økonomi. Dei økonomiske ringverknadane frå utbyggingane i Bykle er i tillegg veldig positive for heile Agder og Noreg som heilskap.

Gjennom store reguleringsmagasin i Bykle vert det generera ei verdiskaping av fornybar rein energi på over 3,5 TWH. Dette tilsvarar straum til over 220.000 husstader. Siste prosjekt som er gjennomført er utbygginga av dammen i Sarvsjuvet og Skarg kraftverk.

Men store utbyggingar har sin pris. Neddemde og øydelagde grender og bygdelag. Slik det vert illustrera av bileta nedanfor frå Nordbygda. Bilete før og etter neddemming.





Etter kommunedirektøren sitt syn så dokumenterer desse bileta det dilemma lokale politikarar fort står overfor. Før eit levande bygdelag med eigen skule og forsamlingshus. No ei rasera og fråflytta grend.

Bileta ovanfor dokumenterer dei store menneskelege og materielle belastningar lokalsamfunnet har teke i samband med dei store utbyggingane i kommunen. Det er viktig å få fram samhengane mellom den prisen som lokalsamfunnet har betalt, og den rettmessige godtgjeringa i form av skattar og avgifter som kjem ut i andre enden av desse utbyggingane, og som er eit avgjerande grunnlag for ei vidare drift og utvikling av Byklesamfunnet. Bykle kommune forutset at storting og regjering er truverdige og følgjer opp vedtak og forutsetningar som låg til grunn, både lokalt og nasjonalt, i samband med konsesjonshandsamingane av desse store utbyggingane.

I dei komande år vil både kommune og storsamfunn verte stillt overfor nye utfordringar. Eksempelvis er effektkøyring av kraftverk. Skal klima gå føre miljø, eller kan ein løyse begge delar.

#### **Areal:**

Bykle er ein stor kommune i areal. Ca 1467 km<sup>2</sup>. 60 % av vestheia er verna gjennom Setesdal Vesthei og Ryfylkeheiane. [www.svr.no](http://www.svr.no) Gjennom heiplanen er det lagt klare føringar på bruken av dei resterande heiområde i kommunen. [www.heiplanen.no](http://www.heiplanen.no) Gjennom desse planane tek Bykle eit stort nasjonalt ansvar for ei berekraftig forvaltning av heiområda. Dette bør storsamfunnet godtgjere gjennom ein sterk og inkluderande forvaltningsdialog mellom kommune og regional-/sentralmakta. I kommuneplanen er ca 2 – 3 % av kommunen sitt samla areal lagt ut til byggeføremål av ulike slag.

Bruk av utmarksareala til løyper og andre aktivitetsopplevelsar er viktige i reiselivskonseptet. Dette vert no materialisert vidare gjennom revisjon av sti- og løypeplanen, og samarbeidsprosjektet adaptiv løypekøyning der ein i ein prøveperiode har starta å maskinpreparere løyper i villreinområder, når reinen har trekt seg ut av områda. Det er ei forutsetning at ein ikkje påverkar reinsdyra og dette vert gjort etter nøye planlagte instruksar og reglar. Som eit resultat vil ein kunne nytte områdar til styra ferdsel som tidlegare var stengt for almenta, utan at det skal gå ut over villreinen og dens ferd i områda.

Kommunedirektøren har store forventningar til vidare utvikling av reiselivsproduktet i kommunen, både gjennom kommersielle senger og privat hytteutbygging. Det er viktig å arbeide for at Bykle kommune tar ein sentral posisjon som heilårsdestinasjon innan reiselivet.

Ei utbygging av hus og hytter i Stavenes-området vil ha positiv innverknad på utvikling av kyrkjebygda.

## 2. Hovudutfordringar.

Bykle kommune er i dag ein kommune med eit omfattande og godt tenestetilbod til liten og stor, ung og gamal, fastbuande og tilreisande. Det overordna målet for denne økonomiplanperioden er at dette også er tilfelle i 2023. Resultat vert til gjennom systematisk jobbing over tid. Dei ulike kommunestyra i Bykle har i tidlegare periodar hatt eit langsiktig perspektiv over arbeidet. Det nyt ein fruktene av i dag. Økonomien til kommunen har gjort dette mogeleg.

Som det går fram av grafen under pkt 4, Kommunen sin økonomiske situasjon, har utviklinga i dei økonomiske rammer for kommunen endra seg sterkt i negativ lei. Handlingsrommet er redusert med ca 35 mill – 50 mill over ein periode på 15 år. Denne verkelegheita må politikarar, tilsette og innbyggjarar take inn over seg og arbeide utifrå.

Dette betyr ikkje at Bykle kommune har dårleg økonomi, men når realverdien av kraftinntektene er redusert med ca 40% dei siste 15 åra, vil dette setje tydelege spor i dei komande budsjett. Den daglege drifta må endrast/reduserast. Nye investeringar må vurderast mykje strengare og ein vert tvungen til å prioritere mykje hardare kva som er naudsynt å investere i, og kva som ikkje er det. Det vil og medføre at dei ynskde investeringane må gjennomførast over eit lengre tidsrom enn tidlegare.

Prioriteringar av kor dei ulike tenestetilboda som skal dekke heile kommunen skal lokaliserast må framleis få eit sterkt fokus. I praksis vil dette seie at det for fleire av tenestetilboda vert enten Bykle eller Hovden, ikkje begge plassar. Dublering fører til alt for store driftskostnader. I tillegg må ein sjå på nivået på dei kommunale tenestane. Skal ein oppretthalde same tenestnivå i åra framover, må ein finne andre inntektskjelder eller foreta prioriteringar innanfor nivået på dei ulike tenestetilboda.

I dette framlegget til budsjett for 2020 og økonomiplan for 2020-2023 er det gjort framlegg om opptak av lån til finansiering av investeringar innforbi sjølvkostområda og til generelle investeringar.

Følgjande prinsipp/rammer vert tilrådd lagt til grunn i samband med låneopptak innforbi dei ulike investeringsområda i åra framover:

### **Finansiering vatn/avløp og renovasjon –sjølvkost**

Opptak av lån til finansiering innafor sjølvkostområdet vil svekke likviditeten til kommunen, men kostnadane vert å belaste på brukarane. Renter og avdrag går inn i totalrekneskapen for området, og skal dekkast inn via gebyrer. Ein må likevel sjå til at kostnadene ikkje blir urimelege for abonnentane.

Per i dag (oktober 2019) har kommunen lån innafor sjølvkostområdet på kr 34 552 000. I økonomiplanperioden er det lagt opp til nye lån på kr 47 300 000. Opptak av desse nye lån vil gje ei årleg auke i gebyrgrunlaget på rundt kr 1 600 000.

Jo høgare gjeld, jo høgare renterisiko. Renta er no låg, men ho kan stige att. Med ei låneportefølje på kr 81 000 000 vil ein dårleg kunne tåle ein renteoppgang. 1% auke i rente på ei låneportefølgje på kr 81 mill. utgjer ca kr 300 i auke av kommunale avgifter på årsbasis pr. abonnement. Dette kommer i tillegg til den auke i avgifter som auka investeringar vil gi.

### **Finansiering andre investeringar**

Bruk av næringsfondet er underlagt spesielle regler. Ein kan nytte næringsfondet til å dekke investeringar, til drift av næringskontoret og til å gjeve tilskott til næringsrelaterte tiltak, herunder støtte til skigymnaset, næringsbedrifter inkludert jord- og skogbruk. Ein kan og nytte næringsfondet til å dekke renter og avdrag på investeringstiltak som ellers kunne vore dekket av sjølve næringsfondet.

I økonomiplanperioden for 2020-2023 er det lagt inn slik bruk av næringsmidlar på til sammen kr 91 840 000. I tillegg er det lagt inn kr 22 940 000 i direkte bruk av næringsfondet til investeringar. Dette for å dekke kravet om minimum 20% eigenfinansiering av investeringar som ligg i dei vedtekte finansielle måltalla til kommunen.

For å oppretthalde ei ramme for næringsstiltak, og samtidig ikkje auke lånegjelda for mykje, bør ein vurdere kor mykje av næringsfondet som årleg skal nyttast til å dekke renter og avdrag.

Sjølve investeringane kommunen gjer går over investeringsrekneskapen, men dei årelege renter og avdrag skal dekkast over driftsrekneskapen.

### **Finansiering av infrastruktur (løyper, parkeringsplassar, rasteplassar o.a.)**

Bykle kommune har to sett av avtaleverk.

- Utbyggingsavtaler i medhald av plan- og bygningslova der eigendefinera/pålagde tiltak innforbi dei einskilde planområda vert dekket av utviklingsaktørane.
- Friviljuge utviklingsavtaler med utviklingsaktørar der innkomne midlar vert tilført eit utviklingsfond som kan nyttast til definera føremål over heile kommunen.

Friviljuge utviklingsavtaler:

Det vert her betalt inn eit eingangsbeløp ved bygging av nye einingar (hytter og leiligheter) på kr. 50.000. Innbetalt beløp frå friviljuge utviklingsavtalar kan nyttast til utvikling av løypenettet, herunder opparbeiding av nye løyper, bruer, klopper, parkeringsplassar m.m. Ei moglegheit er å nytte innbetalingar til å dekke renter og avdrag, og så låne til sjølve finansieringa. Ei anna måte er å legge rekkefølgekrav på utbygger, slik at dei finansierer sjølve dei nødvendige investeringane i til dømes vann og avløp som auka utbygging gjev.

### **Driftskostnader og organisering**

Gjennom nasjonale vedtak vert nye oppgåver lagt over på kommunane. Bykle kommune har, saman med dei andre kommunane i Setesdal, gjort eit grundig arbeid, og lagt strukturar som gjer at kommunane kan møte utfordringane. Det vil bli sett på moglegheitane for ytterlegare samarbeid mellom kommunane. Dette lyt vurderast ut i frå eit økonomisk og kvalitetsmessig perspektiv, samstundes med at det er viktig å behalde lokale arbeidsplasser i kommunen.

Samarbeidet med Valle kommune om felles helseteneste for dei to kommunane, er eit tiltak som gjer tenestene i desse to kommunane meir robuste og rigga til å løyse framtidige oppgåver på ein framtidsretta og fagleg forsvarleg måte. Det er viktig at ein klarar å formidle forståinga av, at dette er ei teneste til eit geografisk område som inkluderar Valle og Bykle kommune. Her må ein heller ikkje duplisere spesialistenestane på alle legekontora. Ulik spesialkompetanse må spredast på dei ulike legekontor, samstundes med at ein byggjer vidare på den gode allmennkompetansen som kvart og eit legekontor har i dag.

Utviklingsprosjektet med utgangspunkt i Hovden Badeland og Hovden idrettspark bør arbeidast vidare med. Ein må mellom anna finne ein måte å finansiere prosjektet på, då det ikkje er rom for denne prioriteringa i budsjettet.

I Hegni friluft- og aktivitetsområde bør det setjast i gang arbeid med ein utviklingsplan for heile området.

Den største investerings-saka dei siste åra har vore utbygginga av alders- og sjukeheimen. Ferdigstilling av dette store prosjektet vert i 2020.

Det er behov for å sikre vassleveransen til Hovden. Bygging av nytt høgdebasseng og nytt vassverk vert starta i 2020. Dagens vassleveranse er sårbar då ein for ofte ligg på ein maksproduksjon. Den stadige utbygginga og fortettinga stiller nye krav til vassleveranser og avløpshandtering. Skal Hovden fortsette å vekse og det skal tillates nybygging, må den tekniske infrastrukturen vere på plass. Dette er eit viktig tiltak for Bykle kommune, men omsyn til vidare vekst i marknaden for bustader og fritidsbustader på Hovden.

Det er vedteke å oppgradere symjehallen i Bykle. Midlar er sett av i budsjettet.

I økonomiplanperioden er det viktig å sjå på tilpassingar i drifta, med sideblikk på FAVEO-rapporten og tilpassingar til endra føresetnader i inntektsgrunnlaget. Målsettinga er at dette så langt som råd kan skje gjennom naturleg avgang.

Vedlikehald av kommunale bygg og anlegg er viktig for å førebygge etterslep. Gjennomførte tiltak vert rapportera i kommunen sine årsmeldingar.

Fokus på ressursutnyttinga innforbi alle tenesteområda vil ha første prioritet også i 2020. I siste halvdel av økonomiplanperioden må netto drift reduserast med minimum kr. 10 mill pr. år. Framtidige inntekter er sentrale her. Arbeidet med denne tilpassinga bør settast i gong snarast.

Ramme for innkjøp av varer og tenester er ført vidare utan prisjustering. Dette medfører ein realnedgang på ca 10% i økonomiplanperioden.

I 2016 gjorde kommunestyret vedtak om å fortsetje som eigen kommune, det såkalla 0+ alternativet - kommunestruktur. Vedtaket inneber også at ein i tillegg til å jobbe med vidare optimalisering av eiga drift, vil sjå på formålsteneleg administrativt samarbeid med andre kommunar i regionen.

Vaksenopplæringa og mottaksapparatet for flyktningar må reduseres sidan kommunen ikkje er tildelt nye flyktningar siste åra. Finansiering gjennom bruk av statlege tilskott/øyremerka fond.

Arbeidet med å avklare kommunen sin framtidige rolle innforbi reisemålsutvikling fortsetter i 2020. Struktura i kommunale selskap og eigarskap i ulike verksemdar skal opp til drøfting og vurdering i 2020. Det vil bli arbeidd med eigarskapsstrategi / -melding komande år.

Den sivile beredskapen er eit stort ansvar som er lagt på kommunane. Dette viktige området vil også ha sterkt fokus i dei kommande åra.

Omstillinga som Bykle kommune er inne i, er krevjande. Det er ikkje «bare» den tekniske og faktiske tenesteytinga som er under endring. Det er på mange måtar ei kulturendring som er på gang, og som omfattar både tilsette, politikarar og innbyggjarar. Endring i haldningar og forventningar til kva for tenester kommunen skal og kan yte til innbyggjarane, kvar desse skal ytast, og kvifor det må til endringar i åra som kjem, er krevjande å få fram på ein god og forståeleg måte som skaper aksept hjå brukarane.

### 3. Formellt grunnlag/overordna føringar.

Dei viktigaste måla i økonomiplanen er å:

- Vurdere dei langsiktige økonomiske konsekvensane av mål og vedtak som allereie er gjort.
- Vurdere kvafor inntektsanslag ein kan leggje til grunn for den komande 4-års perioden.
- Vurdere kvafor tilpasningar som er naudsynte for å halde omfanget innforbi desse rammene.
- Kartleggje konsekvensane av eventuelle endringar i funksjonsfordelinga i den offentlege sektor.
- Vurdere kvafor usikkerhetsfaktorar kommunen står overfor, og kvafor strategiar ein skal leggje opp for å møte desse.
- Leggje opp til ein politisk diskusjon om hovudprioriteringane i kommunen dei neste 4 åra.
- Leggje planleggingsrammer for administrasjonen sitt arbeid med budsjettet for neste år.
- Vere retningsgjevande for arbeidet med å tilpasse verksemda til dei økonomiske rammer som står til disposisjon.
- Informere om utviklinga i kommunen sin aktivitet og økonomi, både innad i kommunen, i forhold til sentrale styresmakter, långjevande institusjonar, innbyggjarar m.fl.

Økonomiplanen er, til forskjell frå årsbudsjettet, ikkje eit løyvingsdokument, jf. kommunelova §§ 14-4 og 14-5. Vedtak i samband med økonomiplanen er ikkje bindande tilsagn om løyvingar til konkrete investerings-, eller driftstiltak. Kommunestyret avgjer sjølv når det er trong for endringar i økonomiplanen i løpet av året. Økonomiplanen har som plattform dei vedtekne planar og reglement som gjeld for kommunen. Dette er t.d. overordna føringar og overordna planar, kommunale planar med hovudbase i samfunnsdelen i kommuneplanen for Bykle 2016-2026, plandokument, føresegner og retningsliner i tillegg til kommunen sine reglement og serviceerklæringar.

#### **3.1 Finansielle måltall**

Det er vedteke finansielle måltall som følgjer;

1. Nøkkeltal eigenfinansiering av investeringar vert sett til minimum 20%
2. Nøkkeltal netto driftsresultat vert sett til minimum 3% av driftsinntektane
3. Nøkkeltal langsiktig gjeld vert sett til maksimum 65% av driftsinntektane
4. Nøkkeltal disposisjonsfond vert sett til minimum 15% av driftsinntektane

I økonomiplan 2020-2023 vert måltalla slik

	2020	2021	2022	2023
<b>1. Egenfinansiering investering minimum 20%</b>				
Tilsvare i beløp	10 595	7 745	3 070	3 645
Budsjett/økonomiplan	12 040	9 100	4 900	5 000
<b>2. Netto driftsresultat minimum 3% av driftsinntektene</b>				
Tilsvare i beløp	8 505	9 142	8 444	8 442
Budsjett/økonomiplan	17 567	35 615	10 198	11 390
<b>3. Netto langsiktig gjeld maksimum 65% av driftsinntektene</b>				
Tilsvare i beløp	184 270	198 067	182 952	182 914
Budsjett/økonomiplan	171 886	162 886	164 086	168 186
<b>4. Disposisjonsfond minimum 15% av driftsinntektene</b>				
Tilsvare i beløp	42 524	45 708	42 220	42 211
Budsjett/økonomiplan	64 532	91 047	92 346	102 735




#### 4. Kommunen sin økonomiske situasjon.

Sentrale myndigheter sitt arbeid med inntektsrammene for kommunane er ei viktig sak, og under stadig urimeleg press. Bykle vil jobbe tett saman med Landssamanslutninga av vasskraftkommunar (LVK) for å forsvare kommunen sine legitime rettar.

##### Realverdiutvikling skattar og avgifter, illustrasjon

(Berekna utifrå ein deflator på 2 % pr år. Serie 1 Nominell verdi, Serie 2 Realverdi)



Den økonomiske situasjonen til kommunen utviklar seg i negativt lei. Som det er illustrera i ovanforståande graf er realverdien av kommunen sine mottekte og pårekna skattar og avgifter redusera med ca kr. 50.mill for perioden 2008 - 2022. I grafen er det lagt inn ein årleg deflator på 2%. (Som illustrasjon)

Eit overordna mål som det må jobbast aktivt med er å få verdisikring/realverdiutvikling inn i dei ulike skatte- og avgiftsartane.

Inntektsanslaga for økonomiplanperioden bygger på erfaringstall frå tidlegare år, samt framlegget til statsbudsjett.

Utifrå objektive kriteriar skulle Bykle kommune ha motteke ca kr. 39 millionar i rammetilskott frå staten for året 2020. Netto rammetilskott er frå staten berekna til kr. 11,8 mill. Gjennom utjamningsordningar i inntektssystemet vert kommunen trekt for ca kr. 27,8 mill. Desse ca kr. 28 millionar nyt andre kommunar godt av.

Anslag på framtidige skattar og avgifter er basera på erfaringstall og prognoser, samt regjeringa sitt framlegg til statsbudsjett.

Etter kommunedirektøren si vurdering er det inntektene frå konsesjonskraft, skatteinntang, eigedomsskatt, samt storleiken på rammetilskott og aksjeutbyte frå Agder Energi AS som pr. dato er mest usikre.

Prisar på kommunale avgifter og brukarbetaling for andre kommunale tenester er tilrådd auka med 3 % for dei fleste områda. Auka ligg rett over den kommunale pris- og lønsauka (deflator) for 2020. For vatn, kloakk og renovasjon er prinsippet om sjølvkost ført vidare. Her er prisen auka med mer enn 3%. Utjammingsperioden for vatn og kloakk er 15 år. Dette på grunn av store svingingar på tilkopling av hytter og leiligheter. For renovasjon er utjammingsperioden 5 år.

For konkrete prisar sjå under punkt 20, kommunale avgifter, prising og tilskott for 2020.

Ca 60% av kommunen sine inntekter kjem frå konsesjonskraft, skatt på inntekt og formue, naturressursskatt, konsesjonsavgift og eigedomsskatt på verk og bruk.

Gjennom dei siste 25 – 30 åra er det gjennomført store investeringar i kommunen. I dei komande åra må det, i tillegg til opprusting og utviding av bygningsmassen innforbi primæroppgåvene pleie og helse, setjast meir midlar og innsats inn på vedlikehald av den eigedomsmassen og dei anlegg kommunen har i dag.

Prosessen med optimalisering av drifta i dei ulike einingar og selskap kommunen er inne i vil gå vidare dei neste åra. Fokus vil vere å få meir tenester ut av kvar krone.

Nye og endra oppgåver i lys av samhandlingsreforma og eldrebølga vil framleis kreve auka fokus. Samla sett vil volumet på kommunale tenester flate ut og gå nedover i åra som kjem. Ønska vekst i folketallet i kommunen må derfor kome som følgje av vekst innforbi privat sektor.

Frigjering av midlar i samband med gjennomgang av interne og eksterne einingar må gå til næringsutvikling for å bygge opp under vidare vekst i kommunen innforbi privat sektor. I denne samanheng bør kommunen ha fokus på infrastruktur, samt medfinansiering i tiltak med størst mogleg ringverknad for lokalsamfunnet. For store midlar frå næringsfondet bør derfor ikkje bindast opp til betaling av renter og avdrag.

Kommunen sin rekneskap for året 2018 vart gjort opp med eit mindreforbruk i driftsrekneskapen på kr 17 582 763. Investeringsrekneskapen vart og gjort opp med 0-resultat. I budsjettframlegget er det lagt inn auke i løn og pensjon med ei årsvirkning for 2020 på 3 %. På driftsrammene er 2019-nivå vidareført, slik at det gjev ein reduksjon i driftsramma tilsvarande prisvekst.

Når det gjeld budsjettsituasjonen for 2019, er totalrammene innforbi gjeldande revidert budsjett i driftsrekneskapen. Gjennom året er det gjort enkeltvedtak som er dekkja inn ved budsjettrevisjon, og andre som må vurderast ved budsjettrevisjonen i desember.

Næringsfondet har ein grunnkapital på kr. 20 900 000 (avrunda tal). Ved årsskifte 2018/2019 er saldoen kr 42 519 000. Inkludert i denne sum er og løyvde, ikkje utbetalte næringstilskott for året og tidlegare år på kr 7 487 000.

Ved utgangen av 2018 hadde kommunen ei portefølje av aksjar, andelar, utlån og pensjonsmidlar på til saman kr 325 348 000. Portefølja er auka frå 2017 med kr 30 451 000. Av porteføljen utgjer pensjonsmidlar kr 217 413 000. Utlån utgjer kr 29 634 000. Dette er ført under gruppa anleggsmidlar. Realisasjonsverdien av desse aktiva vert vurderer særskilt kvart år i samband med årsoppgjeret i kommunen. Aksjeposten i Agder Energi A/S er bokført med kr. 1,-. Pålydande verdi av desse aksjane er kr. 19 848 000,-. Marknadsverdien ligg trulegvis på om lag kr. 100 000 000,-.

Kommunen si langsiktige gjeld var pr. 01.01.19 bokført i balansen med kr 326 309 000. Av dette utgjer kr 249 802 000 pensjonsforpliktelse som er dekket gjennom KLP. Ordinær langsiktig gjeld var pr. 01.01.19 på kr 76 507 000, ei auke på kr 32 741 000 i 2018. Ordinær gjeld fordelar seg på lån i Husbanken, som er lånt ut vidare til husbyggjarar kr 6 564 000, nytta til eigne bygg med kr 38 576 000, lån til renovasjonsboder kr 4 200 000 og lån til utbygginga av Hovden Sør og VA på kr 27 167 000.



## Del 1 – Økonomiplan 2020-2023

### 5. Kommunedirektøren sine kommentarar til økonomiplanen for 2020-2023

#### 5.1. Inntekter, kostnader og tenestetilbod.

Hovuddelen av kommunen sine inntekter kjem frå naturressursskatt, eigedomsskatt, konsesjonsavgift og konsesjonskraft som følgje av store utbyggingar av vasskraft i kommunen.

Det er i NOU 2019:16, utredning fra ekspertutvalg, «Skattelegging av kraftverk», gjort framlegg om omfattende endringer, rett og slett en utradering, av dei enkelte skatteartane som tilfell oss via vannkraften. Om utvalgets framlegg vert vedteke og endringane gjennomført vil eigedomsskatten, konsesjonskraftsalet og konsesjonsavgiften inngå i statens fordeling via naturressursskatten og rammetilskott. Dette vil gje alvorlege konsekvensar for Bykle kommune ut i frå, at det då er politisk nivå som vil vurdere kva for kompensasjon vi då skal få for bruk av våre naturressurser.

Fram til det blir vedteke endringar i skattelegginga av kraftverk, oppretthald vi i økonomiplanen dei skatteartane som per i dag gjev Bykle sin rettmessige del av kompensasjonen.

Skatt frå forskottspåltige og etterskottspåltige skatteytarar er i økonomiplanen innarbeidd med følgjande beløp:

År	2020	2021	2022	2023
Beløp	40 289 000	40 289 000	40 289 000	40 289 000

Beløpet er fastsett utifrå skatteinngong 2019 og berekna skatt i KS sin prognosemodell.

Inntektene frå eigedomsskatten er i økonomiplanen budsjettera som følgjer:

År	2020	2021	2022	2023
Beløp	49 796 000	49 796 000	49 796 000	49 796 000

Det er teke utgangspunkt i 2019-tal frå sentralskattekontoret når det gjeld 2020. Tal for 2020 er vidareført i åra frametter.

Inntektene frå konsesjonskraftsal er i økonomiplanen budsjettera som følgjer:

År	2020	2021	2022	2023
Beløp	20 382 000	43 382 000	20 382 000	20 382 000

Inntektene frå konsesjonskraftsal byggjer på siste tilgjengelege prognoser 3 år fram frå Konsesjonskraft IKS. Ein gjer merksam på at det her er stor usikkerhet i inntektene på grunn av store svingingar i straumprisar, samt stor usikkerhet i forhold til framtidig prisleie. Etteroppgjør (eingongsoppgjør) frå Sira Kvina er omdiskutert, og av den grunn lagt inn i 2021.

Inntektene frå naturressursskatten er i økonomiplanen budsjettera som følgjer:

År	2020	2021	2022	2023
Beløp	36 354 000	36 354 000	36 354 000	36 354 000

Inntekter frå konsesjonsavgifter er i økonomiplanperioden budsjettera og tilrådd bruka som følgjer:

År	2020	2021	2022	2023
Årleg innbetaling	33 015 000	33 015 000	33 015 000	33 015 000
Avsett til fond	33 695 000	33 695 000	33 695 000	33 695 000
Bruk av fond	33 695 000	33 695 000	33 695 000	33 695 000
Fordela på:				
Investeringar	9 240 000	7 500 000	2 800 000	3 400 000
Renter /avdrag	3 000 000	5 000 000	6 000 000	6 000 000
Næringsrelatera tiltak	21 455 000	21 195 000	24 895 000	24 295 000

Bruken av konsesjonsavgifter er underlagt særskilte reglar. Mellom anna gjev det ikkje rom for å nytte desse inntektene til ordinære driftsoppgåver i kommunen. Dette då bortsett frå særskilte driftsoppgåver knytta til næring. Ramma for næringsrelatera tiltak er ment å dekke drift næringsjef, tilskott landbruk og tilskott anna næring. Se pkt 5.2.

#### Rammetilskott.

Ut i frå kriteriane i inntektssystemet for kommunar «grønt hefte» skulle Bykle kommune mottake kr. 39 741 000 i rammetilskott for 2020. Gjennom utjammingsordningar i inntektssystemet vert kommunen trekt for vel kr 27 mill. Dette tilseier, at vi kan budsjettere med kr 11 894 000 i rammetilskott for 2020.

År	2020	2021	2022	2023
Beløp	11 894 000	11 498 000	11 511 000	11 524 000

#### Anna.

Omsøkte UI-midlar er ikkje med i økonomiplanen. Desse vert inntektsført ved innbetaling og budsjettmessig disponering vert tilrådd gjort i etterkant. Dette på grunn av usikkerhet knytta til eventuelt utbetalingstidspunkt/innvilging av søknader. Disponering av desse midlane vert gjort ved budsjettrevisjon.

Kommunen har no opparbeida eit disposisjonsfond, til bruk for utbytteberekning. Vi kan no være garantert det utbytte vi setter opp i årets budsjett, då dette vert dekket av fondet. Det vi i løpet av året får utbetalt i utbytte vert sett av på fondet for bruk neste år.

Utviklinga av samla driftsinntekter og driftsutgifter (eks. renter) er som følgjer, alle tall oppgjeve i heile 1000 kroner: (tal frå budsjett)

År	2019	2020	2021	2022	2023
Driftsinntekter	289 876	283 492	304 718	281 464	281 406
Driftsutgifter*	275 094	284 155	284 155	284 155	284 155
Brutto dr.res	- 14 782	663	-20 563	2 691	2 749

\* driftsutgifter utan avskrivningar

Omfang og innhald i tenester som kommunen skal yte til brukarane/innbyggjarane i 2020 vil som følgje av innsparingar/reduksjonar i driftsrammer, stillingar og tilskott verte redusert i forhold til inneverande år. Målet for 4 års-perioden er å fortsatt kunne tilby kvalitativt gode tenester. Kostnader og omfang heng i hop. Dersom vi skal få kostnadane merkbar ned, må vi vere viljuge til å vurdere nivå og omfang av tenestene.

Overføringar i samband med næringsretta tiltak (jfr tabell 5.2 nedanfor) ligg og inne i gruppa driftsutgifter.

Finansrekneskapan viser netto finansinntekter for økonomiplanperioden samla. Det er, i tillegg til kr 4 000 000 frå husbanken i perioden, lagt inn kr 35 260 000 til nye lån i 2020, kr 10 200 000,- i 2022 og kr 13 100 000 i 2023. Samla låneopptak i økonomiplanperioden er på kr 58 560 000.

Vi ligg med dette heilt i øverste grense av det som er tilrådeleg for storleiken på lån sett i forhold til våre driftsinntekter.

## **5.2. Næringsarbeid, rammer for næringsretta tiltak**

Rammer for næringsretta tiltak, drift, er i perioden tilrådd sett av som følgjer:

Alle tall i heile 1000 kroner.

	Område	2020	2021	2022	2023
a)	Ramme næringsutvikling	8 485	10 095	13 795	13 195
b)	Reiseliv/turisme, DH	3 470	2 000	2 000	2 000
c)	Løypekjøring	1 800	1 800	1 800	1 800
	Hovden Skigymnas AS	6 400	6 000	6 000	6 000
	Setesdal Regionråd	1 300	1 300	1 300	1 300
Sum	Næringsføremål	21 455	21 195	24 895	24 295

- Inkludert i ramma ligg drift næringskontor, kontingentar interesseorganisasjonar som t.d. LVK, tilskott til jordbruk, skogbruk og generell næringsutvikling.
- Vertskapsfunksjon, skibuss og marknadsføring via Destinasjon Hovden AS. Kommunen sin rolle/medverknad må avklarast i 2020.
- Kjøp tenester Hovden Løypekjøring AS.

Kommunedirektøren tilrår at det også i den komande 4 års perioden vert sett fokus på følgjande hovudområde:

- Vidare tilpassing av driftsnivå til pårekelege framtidige driftsinntekter, inkludert gjennomføring av nye sentralt pålagte oppgåver.
- Vedlikehald og komplettering av kommunal infrastruktur/bygg, samt næringsutvikling. Kommunestyret har gjennom tidlegare vedtak lagt grunnlaget for ei slik satsing, og samfunnsdelen i kommuneplanen for Bykle 2016-2026 gjev dei overordna føringane for dette arbeidet.
- Kommunen treng tilførsel av nye arbeidsplassar for å oppretthalde målsetjinga i kommuneplanen om vidare vekst. Hovudnæringa i kommunen er reiseliv. Grunnlaget for vidare vekst innforbi denne næringa er god.

I økonomiplanen er det for åra 2020-2023 sett av kr 91 840 000,- til næringsretta tiltak, utanom investeringar og finanskostnader på kr 42 940 000,-. Inntektane frå

konsesjonsavgiftane er øremerka næringstiltak, anten via driftsrekneskapen som i tabellen over, eller til infrastrukturiltak/bygg og anlegg via investeringsrekneskapen.

### **5.3. Tiltak i økonomiplanen.**

Hovudtrekka i tiltakspakka som er prioritera i økonomiplanen tek utgangspunkt i følgjande forhold:

- gjeldande kommuneplan
- gjeldande økonomiplan
- gjeldande enkeltvedtak
- statlege pålegg
- ferdigstilling av anlegg og tiltak som er påbyrja
- verdisikrande tiltak, vedlikehald
- kostnadsreducerande tiltak
- inntektsgjevande tiltak
- miljøtiltak

Einingane sine driftstiltak som vert finansert ved bruk av tidlegare løyvde midlar (m.a. overført mindreforbruk) er også nemnd som tiltak. Desse er spesifisera i oppstillinga. I tillegg er dei tiltaka som krev løyving av nye midlar lagt inn.

### **5.4. Konklusjon/oppsummering.**

Framlegget til økonomiplan for 2020-2023 legg dei ytre rammer for drift og investeringar, samt synleggjer utfordringar og nye oppgåver som kommunen står overfor og som må løysast i åra som kjem.

Viktige strategiske val innafor dei ulike tenesteområda må gjerast.

Negativ utvikling i realinntekter krev eit sterkare fokus på korleis inntektene kan aukast og kostnadane reduserast. Vedtekne investeringsprosjekt vert gjennomført før ein går inn på nye tiltak.

Spesifikasjon av tilrådde løyvingar av prioritera tiltak i tillegg til grunnramme med kommentarar følgjer under hovedpkt. 7. I det påfølgjande følgjer hovudoversyn og oppstillingar som syner den økonomiske utviklinga i økonomiplanperioden 2020-2023. Det er ikkje gjort justeringar for prisvekst, slik at det er nytta 2020-tall i alle åra i økonomiplanen.



## 6. Økonomiplan, bevilgningsoversikt investering, 2020-2023

Økonomiplan	Regulert					
	Regnskap 2018	budsjett 2019	Øk.plan 2020	Øk.plan 2021	Øk.plan 2022	Øk.plan 2023
<b>Tall i 1000 kroner</b>						
<b>Investeringsutgifter</b>						
Investeringer i varige drifts	77 608	124 599	52 375	38 125	27 750	17 625
Tilskudd til andres investeri	0	0	0	0	0	0
Investeringer i aksjer og an	577	600	600	600	600	600
Utlån av egne midler	1 400	1 000	0	0	0	0
Avdrag på lån	516	251	0	0	0	0
<b>Sum investeringsutgifter</b>	<b>80 102</b>	<b>126 450</b>	<b>52 975</b>	<b>38 725</b>	<b>28 350</b>	<b>18 225</b>
<b>Investeringsinntekter</b>						
Kompensasjon for merverc	-11 569	-16 280	-5 675	-125	-1250	-125
Tilskudd fra andre	-7 245	-4 790	0	-32 927	0	0
Salg av varige driftsmidler	-395	0	0	0	0	0
Salg av finansielle anleggsr	0	0	0	0	0	0
Utdeling fra selskaper	0	0	0	0	0	0
Mottatte avdrag på utlån a	-758	-251	0	0	0	0
Bruk av lån	-34 109	-83 253	-35 260	0	-10 200	-13 100
<b>Sum investeringsinntekter</b>	<b>-54 074</b>	<b>-104 574</b>	<b>-40 935</b>	<b>-33 052</b>	<b>-11 450</b>	<b>-13 225</b>
<b>Videreutlån</b>						
Videreutlån	0	0	1 000	1 000	1 000	1 000
Bruk av lån til videreutlån	0	0	-1 000	-1 000	-1 000	-1 000
Avdrag på lån til videreutlå	0	0	251	251	251	251
Mottatte avdrag på videreu	0	0	-251	-251	-251	-251
<b>Netto utgifter videreutlån</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Overføring fra drift og netto avsetninger</b>						
Overføring fra drift	0	0	-12 040	-9 100	-16 900	-5 000
Netto avsetninger til eller l	-16 746	-21 200	0	0	0	0
Netto avsetninger til eller l	-9 281	-676	0	3 427	0	0
Dekning av tidligere års ud	0	0	0	0	0	0
<b>Sum overføring fra drift og</b>	<b>-26 027</b>	<b>-21 876</b>	<b>-12 040</b>	<b>-5 673</b>	<b>-16 900</b>	<b>-5 000</b>
Fremført til inndekning i se	0	0	0	0	0	0
Kontrollsum art 980 Regnsk	0	0	0	0	0	0
<b>Overføring til fordeling (§5-5, andre ledd)</b>						
Inntekter til fordeling	0	0	0	0	0	0
Utgifter til fordeling	79 586	126 199	52 975	38 725	28 350	18 225
<b>Sum til fordeling (netto)</b>	<b>79 586</b>	<b>126 199</b>	<b>52 975</b>	<b>38 725</b>	<b>28 350</b>	<b>18 225</b>

## 7. Bevilgningsoversikt, investering til fordeling 2020-2023

Tall i 1000 kroner	Regulert					
	Regnskap 2018	budsjett 2019	Øk.plan 2020	Øk.plan 2021	Øk.plan 2022	Øk.plan 2023
Fra bevilgningsoversikt:						
<b>Netto investeringer til fordeling:</b>	<b>79 586</b>	<b>126 199</b>	<b>52 975</b>	<b>38 725</b>	<b>28 350</b>	<b>18 225</b>
Prosj Fordeling på prosjekt						
	1	0	0	0	0	0
2003 Ombygging Komm.avd	829	625	0	0	0	0
210 Utlån - investeringsregnskap	1 400	1 000	0	0	0	0
240 ramme / tiltak felles på dette ans	576	600	600	600	600	600
249 Utbyggingsavtaler	104	1 250	625	625	1 250	625
260 Likestilling prosjmidl	0	0	0	0	0	0
269 Ombygging Fjellg BH	78	6 250	8 750	0	0	0
310 Voksenopplæring	180	0	0	0	0	0
311 Svømmehallen Bykle	0	0	3 125	0	0	0
327 Ombygg Bykle skule	2 520	0	0	0	0	0
345 Aktomr sykkel FGskule	261	0	0	0	0	0
346 Ombygg B.Skule utstyr	502	0	0	0	0	0
349 Gapahuk Bykle skule	0	458	0	0	0	0
360 Fysak	0	0	0	0	0	0
384 Ultralydapp	288	0	0	0	0	0
4001 BHO - VVA	166	0	0	0	0	0
4002 BHO - Demensavd	23 276	0	0	0	0	0
4003 BHO-Somatisk avd	20 458	53 891	3 750	0	0	0
4004 BHO - Omsorgsboliger	1 473	0	0	0	0	0
4005 BHO - Dagsenter	966	6 250	0	0	0	0
555 Hovedplan VA	0	21 000	8 000	2 500	7 500	15 500
5551 VA Hovden Vest	6 221	0	0	0	0	0
5553 VA Fjellstoga	2 273	0	0	0	0	0
5554 VA Skisenteret	8	0	0	0	0	0
5560 Oppgradering Bykle VV	1 747	0	0	0	0	0
580 Høgdebasseng	0	0	16 000	0	0	0
589 Ombygg NAV-bygg	3 289	0	0	0	0	0
591 Hovden vannverk	317	18 500	0	35 000	6 000	1 500
592 VA Oterosåsen	7 000	3 000	0	0	0	0
641 Leikeplasser	0	0	875	0	0	0
673 Hovden aktivitetspark ( idrettsba	0	250	0	0	0	0
675 Kunstdekke Hovden	0	0	3 750	0	0	0
752 Gangveg Fjellstoga	2 576	0	0	0	0	0
773 Trafikksikring	0	0	1 250	0	5 000	0
776 G/S veg Breiveveg-Røyrvik	273	0	0	0	0	0
811 Bustadfelt Hovden	364	8 125	0	0	0	0
850 Næringsramma	1 751	0	0	0	0	0
864 Næringsføremål	0	0	0	0	8 000	0
870 Parkpl elbil Hovden	689	0	0	0	0	0
925 Ombygg brannstasjon H	0	2 500	6 250	0	0	0
926 Ombygg gamle renseanl	0	2 500	0	0	0	0
<b>Sum fordelt</b>	<b>79 586</b>	<b>126 199</b>	<b>52 975</b>	<b>38 725</b>	<b>28 350</b>	<b>18 225</b>

Netttotal i 1000				
<b>Tiltak utlån/aksjar</b>	<b>2020</b>	<b>2021</b>	<b>2022</b>	<b>2023</b>
Nye utlån formidlingslån	1 000	1 000	1 000	1 000
Avdrag formidlingslån	251	251	251	251
Eigenkapitaltilskott KLP	600	600	600	600
<b>Sum</b>	<b>1 851</b>	<b>1 851</b>	<b>1 851</b>	<b>1 851</b>
<b>Finansiering investeringstiltak</b>	<b>2020</b>	<b>2021</b>	<b>2022</b>	<b>2023</b>
Nye lån	35 260		10 200	13 100
Overført fra drift ,næringsramma	9 240	7 500	10 800	3 400
Overført frå drift, egne midlar	2 300	30 600	5 600	1 100
<b>Sum</b>	<b>46 800</b>	<b>38 100</b>	<b>26 600</b>	<b>17 600</b>
<b>Tiltak investering</b>	<b>2020</b>	<b>2021</b>	<b>2022</b>	<b>2023</b>
Løyper iht løypeplan	500	500	1 000	500
Leikeplasser/nærmiljøanlegg	700			
Bykle alders og sjukeheim	3 000			
Høydebasseng vann Hovden	16 000			
Vannverk og utbetring reserveinntak		35 000	6 000	
Sanering eksisterende bygg vann				1 500
Hovedplan VA	7 500	2 000	7 000	15 000
Fjellgardane barnehage	7 000			
Oppgradering svømmebasseng Bykle	2 500			
Oppgradering brannstasjon Hovden	5 000			
Kunstgressbane Hovden	3 000			
Næringsbygg Bykle inkl komm.lager			8 000	
Trafikksikring Hovden	1 000		4 000	
<b>Sum</b>	<b>45 200</b>	<b>37 500</b>	<b>26 000</b>	<b>17 000</b>

<b>Upprioriterte tiltak langtidsplan</b>	<b>2020</b>	<b>2021</b>	<b>2022</b>	<b>2023</b>	<b>2024</b>	<b>2025</b>	<b>2026</b>
Trafikksikring Hovdekleiva	2 000						
Trafikksikring Austmannalii	500						
Boligfelt Hovden					8 500		
Hovden aktivitetspark						15 000	15 000
Tykkås, asfalt og utbedring		500					
Garage Hovden skigymnas	3 000						
Hovdenuten			1 500	1 500			
Sarvsjuvet					1 000	2 000	
Fjellsikringssenter					9 000		
Utstyr			2 000		2 000		2 000
Ladestasjoner Komm.adm.bygg					1 000		
Tiltak friluftsliv/idrett							500
<b>Sum</b>	<b>5 500</b>	<b>500</b>	<b>3 500</b>	<b>1 500</b>	<b>21 500</b>	<b>17 000</b>	<b>17 500</b>

**Tilrådd budsjettramme for investering i 2020 er som følger: Alle tal er nettotal.**

- Prosjekt 249 Løyper iht løypeplan kr. 1 000 000,-  
I løypeplanen er det sett opp tiltak for utbetring av eksisterende og nye løyper, som for eksempel reparasjon av eller nye klopper/bruer samt utbedring og rydding traseer. Slike tiltak dekkast inn ved bruk av innbetalte midlar frå utbyggingsavtaler.
- Prosjekt 641 Leikeplasser/nærmiljøanlegg kr 700 000,-  
Hovuddelen av midlane vert nytta til nærmiljøanlegg rundt Bykle barne- og ungdomsskule, i tillegg til nokre oppgradering av leikeplasser i boligområda.
- Prosjekt 4001 – 4006 Utbygging Bykle alders- og sjukeheim kr. 3 000 000,-  
Dette er 2020-delen av tiltaket som no er i avslutningfasen. Av hensyn til tilskott er prosjektet delt opp i forskjellige underprosjekt, som dekker veg, vatn og avløp, demensavdeling, somatisk avdeling, omsorgsboliger og dagsenter. Fordeling på dei einkilde prosjekt vert gjort seinare. Det er søkt om investeringstilskott på kr. 32 927 000,- som vert utbetalt etter at prosjektet er ferdigstilt. Dette tilskott er hensyntatt i investeringsbudsjettet i 2021, og nytta til finansiering av investeringstiltak der.
- Prosjekt 580 Høgdebasseng Hovden kr 16 000 000,-  
For å sikre vassforsyninga på Hovden er det behov for nytt høgdebasseng for vatn. Arbeidet er planlagt gjennomført i 2020, og viderført med nytt vannverk og utbetring reserveinntak i 2021 og vidare. Løyvinga no gjelder høgdebassenget.
- Prosjekt 555 Hovedplan VA Hovden kr. 7 500 000,-  
Det er stort behov for oppgradering av ledningsnett VA, nye pumpestasjoner oa. Jfr hovedplan for VA. Arbeidet er igangsatt og vil gå over flere år. Vatn og avløp ligg innforbi sjølvkostområdet. Total VA-plan inneheld tiltak på rundt kr. 100 000 000. Årets budsjett er tenkt i hovudsak nytta til hovedvassledning fra Hovden vannverk.
- Prosjekt 269 Fjellgardane barnehage kr. 7 500 000,-  
Fjellgardane barnehage har behov for oppgradering av ventilasjon, viduer, dører og personalrom. Bygget begynner å bære preg av sin alder, og må tilretteleggast slik at innemiljøet er tilfredstillande.
- Prosjekt 311 Oppgradering svømmebasseng Bykle kr 2 500 000,-  
For å sikre vidare drift av bassenget i Bykle er det behov for oppgradering. Dette omhandlar m.a. installasjon av ny bassengdum, skifte av membran/ fliser i svømmebassenget, teknisk utstyr o.l. Bassengkroppen vert forsterka med bæreribber i kjellaren og det utjammingsbassenga i kjellaren vert bygd om.
- Prosjekt 925 Oppgradering brannstasjon Hovden kr 5 000 000,-  
Brannstasjonen på Hovden tilfrestiller i dag ikkje krava frå arbeidstilsynet i forhold til rein og skitten sone, garderobeanlegg o.a. Dette må oppgraderes slik at krava vert innfridd.
- Prosjekt 675 Kunstgressbane Hovden kr. 3 000 000 ,-

Opparbeiding av kunstgressbane på deler av idrettsbanen på Hovden. Endeleg kostnadskalkyle er ikkje på plass. Vert teke opp som eigen sak når den ligg føre.

Prosjekt 773 Trafikksikring Hovden kr 1 000 000,-  
Tiltak for trafikksikring i Hovden sentrum.

**Andre tilrådde tiltak i økonomiplanperioden er**

Prosjekt 591 Hovden Vassverk samla kr 42 500 000,-  
Dette gjelder nytt vassverk på Hovden, utbetring av reserveintak og sanering av eksisterande bygg.

Prosjekt 555 Hovdeplan VA samla kr 24 000 000,-  
Det er stort behov for oppgradering av ledningsnett VA, nye pumpestasjoner oa. Jfr hovedplan for VA. Arbeidet er igangsatt og vil gå over flere år.

Prosjekt 773 Trafikksikring Hovden kr 4 000 000,-  
Ramme for trafikksikringstiltak Hovden

Prosjekt 864 Næringsbygg Bykle kr 8 000 000,-  
Ramme for næringsbygg i Bykle, inkludert kommunalt lager



## 8. Økonomiplan Bykle kommune, drift, 2020-2023

Økonomiplan	Regulert					
	Regnskap 2018	budsjett 2019	Øk.plan 2020	Øk.plan 2021	Øk.plan 2022	Øk.plan 2023
<b>Tall i 1000 kroner</b>						
Driftsinntekter						
Rammetilskudd	-5 756	-10 483	-11 894	-11 498	-11 511	-11 524
Innteks- og formuesskatt	-41 978	-38 225	-40 289	-40 289	-40 289	-40 289
Eiendomsskatt	-44 022	-42 300	-49 796	-49 796	-49 796	-49 796
Andre skatteinntekter	-70 672	-69 369	-69 369	-69 369	-69 369	-69 369
Andre overføringer og tilskudd fra staten	-6 122	-3 469	-1 716	-443	-71	0
Overføringer og tilskudd fra andre	-52 349	-82 571	-58 057	-80 952	-58 057	-58 057
Brukerbetalinger	-4 734	-3 969	-3 805	-3 805	-3 805	-3 805
Salgs- og leieinntekter	-43 139	-42 259	-48 902	-48 902	-48 902	-48 902
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>-268 772</b>	<b>-292 644</b>	<b>-283 827</b>	<b>-305 053</b>	<b>-281 799</b>	<b>-281 741</b>
Driftsutgifter						
Lønnsutgifter	110 708	116 479	117 268	117 268	117 268	117 268
Sosiale utgifter	24 950	28 840	33 209	33 209	33 209	33 209
Kjøp av varer og tjenester	80 067	76 928	75 616	75 616	75 616	75 616
Overføringer og tilskudd til andre	38 995	36 822	37 760	37 760	37 760	37 760
Avskrivninger	20 637	17 620	20 637	20 637	20 637	20 637
<b>Sum driftsutgifter</b>	<b>275 357</b>	<b>276 689</b>	<b>284 490</b>	<b>284 490</b>	<b>284 490</b>	<b>284 490</b>
<b>Brutto driftsresultat</b>	<b>6 585</b>	<b>-15 954</b>	<b>663</b>	<b>-20 563</b>	<b>2 691</b>	<b>2 749</b>
Finansinntekter/Finansutgifter						
Renteinntekter	-3 313	-2 000	-3 157	-3 157	-3 157	-3 157
Utbytter	-4 869	-4 500	-4 900	-4 900	-4 900	-4 900
Gvinster og tap på finansielle omløpsmidler	0	0	0	0	0	0
Renteutgifter	1 167	1 598	3 015	4 491	5 247	3 994
Avdrag på lån	4 635	4 753	7 449	9 151	10 558	10 561
<b>Netto finansutgifter</b>	<b>-2 379</b>	<b>-149</b>	<b>2 407</b>	<b>5 585</b>	<b>7 748</b>	<b>6 498</b>
Motpost avskrivninger	-20 637	-17 620	-20 637	-20 637	-20 637	-20 637
<b>Netto driftsresultat</b>	<b>-16 431</b>	<b>-33 723</b>	<b>-17 567</b>	<b>-35 615</b>	<b>-10 198</b>	<b>-11 390</b>
Disponering eller dekning av netto driftsresultat:						
Overføring til investering	0	0	12 040	9 100	16 900	5 000
Netto avsetninger til eller bruk av bundne driftsfond	6 520	13 384	0	0	-8000	0
Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond	2 630	37 932	5 527	26 515	1 298	6 390
Dekning av tidligere års merforbruk	-10 302	-17 583	0	0	0	0
Sum disponeringer eller dekning av netto driftsresultat	-1 152	33 733	17 567	35 615	10 198	11 390
Fremført til inndekning i senere år (merforbruk)	-17 583	10	0	0	0	0

## 9. Detaljerna tiltaksoversyn drift, 2020-2023

Driftsbudsjettet for år 2020 bygger på totalramma for 2019. Dei tiltak som vart løyvd til drift i 2019 er vidareført. Det er ikkje lagt inn nye løyvingar. Ved å ikkje justere driftsbudsjettet for prisvekst vert det ein realnedgang i driftsbudsjettet

Økonomiplan	Regulert					
	Regnskap 2018	budsjett 2019	Øk.plan 2020	Øk.plan 2021	Øk.plan 2022	Øk.plan 2023
<b>Tall i 1000 kroner</b>						
<b>Generelle driftsinntekter</b>						
Rammetilskudd	-5 756	-10 483	-11 894	-11 498	-11 511	-11 524
Inntekts- og formuesskatt	-41 978	-38 225	-40 289	-40 289	-40 289	-40 289
Eiendomsskatt	-44 022	-42 300	-49 796	-49 796	-49 796	-49 796
Andre generelle driftsinntekter	-71 591	-69 369	-69 369	-69 369	-69 369	-69 369
<b>Sum generelle driftsinntekter</b>	<b>-163 348</b>	<b>-160 377</b>	<b>-171 348</b>	<b>-170 952</b>	<b>-170 965</b>	<b>-170 978</b>
<b>Netto driftsutgifter</b>						
Sum bevilgninger drift, netto	149 230	126 793	151 374	129 752	153 019	153 090
Avskrivninger	20 637	17 620	20 637	20 637	20 637	20 637
<b>Sum netto driftsutgifter</b>	<b>169 867</b>	<b>144 413</b>	<b>172 011</b>	<b>150 389</b>	<b>173 656</b>	<b>173 727</b>
<b>Brutto driftsresultat</b>	<b>6 519</b>	<b>-15 964</b>	<b>663</b>	<b>-20 563</b>	<b>2 691</b>	<b>2 749</b>
<b>Finansinntekter/Finansutgifter</b>						
Renteinntekter	-3 224	-2 000	-3 157	-3 157	-3 157	-3 157
Utbytter	-4 869	-4 500	-4 900	-4 900	-4 900	-4 900
Gevinster og tap på finansielle om	0	0	0	0	0	0
Renteutgifter	1 144	1 598	3 015	4 491	5 247	3 994
Avdrag på lån	4 635	4 753	7 449	9 151	10 558	10 561
<b>Netto finansutgifter</b>	<b>-2 313</b>	<b>-149</b>	<b>2 407</b>	<b>5 585</b>	<b>7 748</b>	<b>6 498</b>
Motpost avskrivninger	-20 637	-17 620	-20 637	-20 637	-20 637	-20 637
<b>Netto driftsresultat</b>	<b>-16 431</b>	<b>-33 733</b>	<b>-17 567</b>	<b>-35 615</b>	<b>-10 198</b>	<b>-11 390</b>
<b>Disponering eller dekning av netto driftsresultat</b>						
Overføring til investering	0	0	12 040	9 100	16 900	5 000
Netto avsetninger til eller bruk av bundne driftsfond	6 520	13 384	0	0	-8000	0
Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond	2 630	37 932	5 527	26 515	1 298	6 390
Dekning av tidligere års merforbruk	-10 302	-17 583	0	0	0	0
Sum disponeringer eller dekning av netto driftsresultat	-1 152	33 733	17 567	35 615	10 198	11 390
Fremført til inndeckning i senere år	-17 583	0	0	0	0	0



<b>Økonomiplan til fordeling pr. enhet</b>						
Tall i 1000 kroner	Regnskap 2018	Regulert				
		budsjett 2019	Øk.plan 2020	Øk.plan 2021	Øk.plan 2022	Øk.plan 2023
<b>Fra Bevilgningsoversikt:</b>						
<b>Til fordeling drift</b>	<b>149 230</b>	<b>126 793</b>	<b>151 374</b>	<b>129 752</b>	<b>153 019</b>	<b>153 090</b>
<b>Enhet</b>	<b>Netto driftsutgifter pr. enhet</b>					
100	Enhet Kommunedirektøren	11 516	13 413	14 647	14 647	14 647
101	Enhet skatt,avgift,finansinntekt	-20 303	-45 640	-21 041	-43 936	-21 041
102	Enhet fond, interne overføringer	-1 916	0	0	0	0
103	Enhet Politisk styre,råd,utvalg	3 943	7 616	13 870	13 870	13 870
104	RM stab Personal	2 945	5 224	6 302	6 302	6 302
106	RM stab Næring	25 448	17 315	17 265	17 265	17 265
107	RM stab Plan	8 040	8 915	7 788	7 788	7 788
108	RM stab Kommunikasjon	8 050	8 559	7 154	7 154	7 154
110	Enhet Pleie- og hjelpeteneste	23 883	23 269	24 190	24 190	24 190
120	NAV	2 809	4 500	4 857	6 130	6 502
121	Helsetenesta i Bykle og Valle	10 277	11 556	12 550	12 550	12 550
130	Enhet Teknisk drift og eieendom	45 401	41 970	41 429	41 429	41 429
131	Selvkost inkl TDE	-18 105	-20 215	-25 159	-25 159	-25 159
150	Enhet Kultur og fritid	11 577	13 203	12 575	12 575	12 575
160	Enhet Bykle barne- og ungdomsskule	16 496	16 887	15 599	15 599	15 599
170	Enhet Barnehage	10 443	10 530	10 588	10 588	10 588
180	Enhet Fjellgardane skule	8 724	9 692	8 760	8 760	8 760
	<b>Netto for alle enheter</b>	<b>149 230</b>	<b>126 793</b>	<b>151 374</b>	<b>129 752</b>	<b>153 019</b>

## 10. Oversyn over utvikling i skattar og avgifter

Alle tall i heile 1000 kr.					
År	Kons.avg	Kons.kraft	F+I+N skatt	E-skatt	Sum
2023*	33 015	20 382	76 743	49 796	179 936
2022*	33 015	20 382	76 643	49 796	179 936
2021*	33 015	43 277(1)	76 643	49 796	202 731
2020*	33 015	20 382	76 643	49 796	179 936
2019*	33 015	19 675	74 579	42 300	169 569
2018	33 454	13 013	79 195	44 022	169 673
2017	34 015	13 200	71 358	44 076	162 649
2016	33 965	13 201	69 604	48 053	164 823
2015	33 965	15 011	67 629	50 249	166 854
2014	32 838	18 587	67 139	48 556	167 120
2013	31 600	23 040	66 899	47 590	169 129
2012	31 137	20 123	63 928	43 288	158 476
2011	31 093	16 836	61 966	39 987	149 882
2010	31 371	16 324	62 290	39 383	149 368
2009	29 764	26 000	58 019	38 451	152 234
2008	29 907	23 400	58 619	38 996	150 922
2007	26 772	25 976	60 113	38 435	151 296
2006	26741	13 774	59 874	33 199	133 588

(1) Oppgjør SiraKvina,ny fordeling

\* Tall frå budsjett og økonomiplan.

Kons.avg.

= konsesjonsavgifter

Kons.kraft

= konsesjonskraft

F+I+N skatt

= formues-, inntekts-, og naturressursskatt

E-skatt

= eigedomsskatt

## Del 2 - Budsjett 2020

### 11. Oversyn over fondskonti

Tal i 1 000	Saldo 01.01.19	Bruk 2019, nettotal	Beregnet saldo 31.12.19	Bruk 2020 netto
Bundne driftsfond:	56 794	-15 103	41 691	0
Herav				
- bundet grunnkapital næringsfondet	20 900			
- næringsfondet	21 619	-15 103*	6 516	0
- Bjorågåva	46	1	47	-
- Fiskefondet	173	1	172	-
*der 7 487 er tidlegare løyvde og årets tilskott				
Ubundne investeringsfond:	2 251	0	2 251	
Disposisjonfond	74 457	15 363	89 820	5 527
Herav driftsreguleringsfondet	39 679	12 875	52 554	7 227

#### Næringsfondet:

Følgjande tiltak vert finansiera ved bruk av næringsfondet:

Tal i 1.000

Område	År 2020
Destinasjon Hovden AS	3 470
Hovden Løypekjøring AS	1 800
Hovden Skigymnas AS	6 400
Setesdal regionråd	1 300
Ramme generelt næringsarbeid inkl dekning drift næringskontor	8 485
Renter og avdrag	3 000
Investeringstiltak	9 240
Sum næringsretta tiltak finansiert av næringsfondet	33 695

## 12. Bevilgningsoversikt – investering

Tall i 1000 kroner	Budsjett 2020	Budsjett 2019	Regnskap 2018
Investeringsutgifter			
Investeringer i varige driftsmidler	52 375	118 641	77 608
Tilskudd til andres investeringer	0	0	0
Investeringer i aksjer og andeler i selskaper	600	600	577
Utlån av egne midler	0	1 000	1 400
Avdrag på lån	0	251	516
<b>Sum investeringsutgifter</b>	<b>52 975</b>	<b>120 492</b>	<b>80 102</b>
Investeringsinntekter			
Kompensasjon for merverdiavgift	-5 675	-14 388	-11 569
Tilskudd fra andre	0	0	-7 245
Salg av varige driftsmidler	0	0	-395
Salg av finansielle anleggsmidler	0	0	0
Utdeling fra selskaper	0	0	0
Mottatte avdrag på utlån av egne midler	0	-251	-758
Bruk av lån	-35 260	-83 253	-34 109
<b>Sum investeringsinntekter</b>	<b>-40 935</b>	<b>-97 892</b>	<b>-54 074</b>
Videreutlån			
Videreutlån	1 000	0	0
Bruk av lån til videreutlån	-1 000	0	0
Avdrag på lån til videreutlån	251	0	0
Mottatte avdrag på videreutlån	-251	0	0
Netto utgifter videreutlån	0	0	0
Overføring fra drift og netto avsetninger			
Overføring fra drift	-12 040	0	0
Netto avsetninger til eller bruk av bundne inve	0	-21 000	-16 746
Netto avsetninger til eller bruk av ubundet inv	0	-1 600	-9 281
Dekning av tidligere års udekket beløp	0	0	0
<b>Sum overføring fra drift og netto avsetninger</b>	<b>-12 040</b>	<b>-22 600</b>	<b>-26 027</b>
Fremført til inndekning i senere år (udekket be	0	0	0
Overføring til fordeling (§5-5, andre ledd)			
Inntekter til fordeling	0	0	0
Utgifter til fordeling	52 975	120 241	79 586
<b>Sum til fordeling (netto)</b>	<b>52 975</b>	<b>120 241</b>	<b>79 586</b>

### 13. Bevilgningsoversikt, investering fordelt på prosjekt

Tall i 1000 kroner	Budsjett 2020	Budsjett 2019	Regnskap 2018
<b>Fra bevilgningsoversikt:</b>			
<b>Netto investeringer til fordeling:</b>	<b>52 975</b>	<b>120 241</b>	<b>79 586</b>
	0	0	1
2003 Ombygging Komm.avd	0	0	829
210 Utlån - investeringsregnskap	0	1 000	1 400
240 ramme / tiltak felles på dette ansvar	600	600	576
249 Utbyggingsavtaler	625	1 250	104
260 Likestilling prosjmidl	0	0	0
269 Ombygging Fjellg BH	8 750	6 250	78
310 Voksenopplæring	0	0	180
311 Svømmehallen Bykle	3 125	0	0
327 Ombygg Bykle skule	0	0	2 520
345 Aktomr sykkel FGskule	0	0	261
346 Ombygg B.Skule utstyr	0	0	502
360 Fysak	0	0	0
384 Ultralydapp	0	0	288
4001 BHO - VVA	0	0	166
4002 BHO - Demensavd	0	0	23 276
4003 BHO-Somatisk avd	3 750	53 891	20 458
4004 BHO - Omsorgsboliger	0	0	1 473
4005 BHO - Dagsenter	0	0	966
555 Hovedplan VA	8 000	21 000	0
5551 VA Hovden Vest	0	0	6 221
5553 VA Fjellstoga	0	0	2 273
5554 VA Skisenteret	0	0	8
5560 Oppgradering Bykle VV	0	0	1 747
580 Høgdebasseng	16 000	0	0
589 Ombygg NAV-bygg	0	0	3 289
591 Hovden vannverk	0	25 000	317
592 VA Oterosåsen	0	0	7 000
641 Leikeplasser	875	0	0
675 Kunstdekke Hovden	3 750	0	0
752 Gangveg Fjellstoga	0	0	2 576
773 Trafikksikring Hovden	1250	0	0
776 G/S veg Breiveveg-Røyrvik	0	0	273
811 Bustadfelt Hovden	0	6 250	364
850 Næringsramma	0	0	1 751
870 Parkpl elbil Hovden	0	0	689
925 Ombygg brannstasjon H	6 250	2 500	0
926 Ombygg gamle rensanl	0	2 500	0
<b>Sum fordelt</b>	<b>52 975</b>	<b>120 241</b>	<b>79 586</b>

**Tilrådd budsjetttramme for investering i 2020 er som følger: Alle tal er nettotal.**

- Prosjekt 249 Løyper iht løypeplan kr. 1 000 000,-  
I løypeplanen er det sett opp tiltak for utbetring av eksisterende og nye løyper, som for eksempel reparasjon av eller nye klopper/bruer samt utbedring og rydding traseer. Slike tiltak dekkast inn ved bruk av innbetalte midlar frå utbyggingsavtaler.
- Prosjekt 641 Leikeplasser/nærmiljøanlegg kr 700 000,-  
Hovuddelen av midlane vert nytta til nærmiljøanlegg rundt Bykle barne- og ungdomsskule, i tillegg til nokre oppgradering av leikeplasser i boligområda.
- Prosjekt 4001 – 4006 Utbygging Bykle alders- og sjukeheim kr. 3 000 000,-  
Dette er 2020-delen av tiltaket som no er i avslutningfasen. Av hensyn til tilskott er prosjektet delt opp i forskjellige underprosjekt, som dekker veg, vatn og avløp, demensavdeling, somatisk avdeling, omsorgsboliger og dagsenter. Fordeling på dei einskilde prosjekt vert gjort seinare. Det er søkt om investeringstilskott på kr. 32 927 000,- som vert utbetalt etter at prosjektet er ferdigstilt. Dette tilskott er hensyntatt i investeringsbudsjettet i 2021, og nytta til finansiering av investeringstiltak der.
- Prosjekt 580 Høgdebasseng Hovden kr 16 000 000,-  
For å sikre vassforsyninga på Hovden er det behov for nytt høydebasseng for vatn. Arbeidet er planlagt gjennomført i 2020, og viderført med nytt vannverk og utbetring reserveinntak i 2021 og vidare. Løyvinga no gjelder høgdebassenget.
- Prosjekt 555 Hovedplan VA Hovden kr. 7 500 000,-  
Det er stort behov for oppgradering av ledningsnett VA, nye pumpestasjoner oa. Jfr hovedplan for VA. Arbeidet er igangsatt og vil gå over flere år. Vatn og avløp ligg innforbi sjølvkostområdet. Total VA-plan inneheld tiltak på rundt kr. 100 000 000. Årets budsjett er tenkt i hovudsak nytta til hovedvassledning fra Hovden vannverk.
- Prosjekt 269 Fjellgardane barnehage kr. 7 500 000,-  
Fjellgardane barnehage har behov for oppgradering av ventilasjon, viduer, dører og personalrom. Bygget begynner å bære preg av sin alder, og må tilretteleggast slik at innemiljøet er tilfredstillande.
- Prosjekt 311 Oppgradering svømmebasseng Bykle kr 2 500 000,-  
For å sikre vidare drift av bassenget i Bykle er det behov for oppgradering. Dette omhandlar m.a. installasjon av ny bassengdum, skifte av membran/ fliser i svømmebassenget, teknisk utstyr o.l. Bassengkroppen vert forsterka med bæreribber i kjellaren og det utjammingsbassenga i kjellaren vert bygd om.
- Prosjekt 925 Oppgradering brannstasjon Hovden kr 5 000 000,-  
Brannstasjonen på Hovden tilfredstiller i dag ikje krava frå arbeidstilsynet i forhold til rein og skitten sone, garderobeanlegg o.a. Dette må oppgraderes slik at krava vert innfridd.
- Prosjekt 675 Kunstgressbane Hovden kr. 3 000 000 ,-  
Opparbeiding av kunstgressbane på deler av idrettsbanen på Hovden. Endeleg kostnadskalkyle er ikkje på plass. Vert teke opp som eigen sak når den ligg føre.

## 14. Økonomisk oversyn etter art – drift

Tall i 1000 kroner	Budsjett 2020	Budsjett 2019	Regnskap 2018
<b>Driftsinntekter</b>			
Rammetilskudd	-11 894	-10 483	-5 756
Inntekts- og formuesskatt	-40 289	-38 225	-41 978
Eiendomsskatt	-49 796	-42 300	-44 022
Andre skatteinntekter	-69 369	-69 369	-70 672
Andre overføringer og tilskudd fra state	-1 716	-3 469	-6 122
Overføringer og tilskudd fra andre	-58 057	-80 803	-52 349
Brukerbetalinger	-3 805	-3 969	-4 734
Salgs- og leieinntekter	-48 902	-42 259	-43 139
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>-283 827</b>	<b>-290 876</b>	<b>-268 772</b>
<b>Driftsutgifter</b>			
Lønnsutgifter	117 268	115 777	110 708
Sosiale utgifter	33 209	28 840	24 950
Kjøp av varer og tjenester	75 616	76 135	80 067
Overføringer og tilskudd til andre	37 760	36 722	38 995
Avskrivninger	20 637	17 620	20 637
<b>Sum driftsutgifter</b>	<b>284 490</b>	<b>275 094</b>	<b>275 357</b>
<b>Brutto driftsresultat</b>	<b>663</b>	<b>-15 782</b>	<b>6 585</b>
<b>Finansinntekter/Finansutgifter</b>			
Renteinntekter	-3 157	-2 000	-3 313
Utbytter	-4 900	-4 500	-4 869
Gevinster og tap på finansielle omløpsr	0	0	0
Renteutgifter	3 015	1 598	1 167
Avdrag på lån	7 449	4 753	4 635
<b>Netto finansutgifter</b>	<b>2 407</b>	<b>-149</b>	<b>-2 379</b>
Motpost avskrivninger	-20 637	-17 620	-20 637
<b>Netto driftsresultat</b>	<b>-17 567</b>	<b>-33 551</b>	<b>-16 431</b>
Disponering eller dekning av netto driftsresultat:			
Overføring til investering	12 040	0	0
Netto avsetninger til eller bruk av bund	0	11 973	6 520
Netto avsetninger til eller bruk av disp	5 527	21 578	2 630
Dekning av tidligere års merforbruk	0	0	-10 302
Sum disponeringer eller dekning av net	17 567	33 551	-1 152
Fremført til inndekning i senere år (me	0	0	-17 583

## 15. Bevilgningsoversikt drift

Tall i 1000 kroner	Budsjett 2020	Budsjett 2019	Regnskap 2018
<b>Generelle driftsinntekter</b>			
Rammetilskudd	-11 894	-10 483	-5 756
Inntekts- og formuesskatt	-40 289	-38 225	-41 978
Eiendomsskatt	-49 796	-42 300	-44 022
Andre generelle driftsinntekter	-69 369	-69 369	-71 591
<b>Sum generelle driftsinntekter</b>	<b>-171 348</b>	<b>-160 377</b>	<b>-163 348</b>
Netto driftsutgifter			
Sum bevilgninger drift, netto	151 374	126 975	149 230
Avskrivninger	20 637	17 620	20 637
<b>Sum netto driftsutgifter</b>	<b>172 011</b>	<b>144 595</b>	<b>169 867</b>
<b>Brutto driftsresultat</b>	<b>663</b>	<b>-15 782</b>	<b>6 519</b>
Finansinntekter/Finansutgifter			
Renteinntekter	-3 157	-2 000	-3 224
Utbytter	-4 900	-4 500	-4 869
Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler	0	0	0
Renteutgifter	3 015	1 598	1 144
Avdrag på lån	7 449	4 753	4 635
<b>Netto finansutgifter</b>	<b>2 407</b>	<b>-149</b>	<b>-2 313</b>
Motpost avskrivninger	-20 637	-17 620	-20 637
<b>Netto driftsresultat</b>	<b>-17 567</b>	<b>-33 551</b>	<b>-16 431</b>
Disponering eller dekning av netto driftsresultat			
Overføring til investering	12 040	0	0
Netto avsetninger til eller bruk av bundne driftsfond	0	11 973	6 520
Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond	5 527	21 578	2 630
Dekning av tidligere års merforbruk	0	0	-10 302
Sum disponeringer eller dekning av netto driftsresultat	17 567	33 551	-1 152
Fremført til inndekning i senere år (merforbruk).	0	0	-17 583

## 16. Bevilgningsoversikt drift, budsjett per tenesteeining

Eining Kommunedirektøren er sum av eining 100 – 108. Eining Teknisk Drift og Eigedom er sum av eining 130-131. Budsjettet vert vedteke per eining på netto ramme.

<b>Budsjett til fordeling pr. enhet</b>			
<b>Tall i 1000 kroner</b>	<b>Budsjett 2020</b>	<b>Budsjett 2019</b>	<b>Regnskap 2018</b>
<b>Fra Bevilgningsoversikt:</b>			
<b>Til fordeling drift</b>	<b>151 374</b>	<b>126 975</b>	<b>149 230</b>
<b>Enhet/ansva Netto driftsutgifter pr. enhet</b>			
100 Enhet Kommunedirektøren	14 647	13 055	11 516
101 Enhet skatt,avgift,finansinntekt	-21 041	-44 229	-20 303
102 Enhet fond, interne overføringer	0	0	-1 916
103 Enhet Politisk styre,råd,utvalg	13 870	7 736	3 943
104 RM stab Personal	6 302	6 244	2 945
106 RM stab Næring	17 265	17 315	25 448
107 RM stab Plan	7 788	8 915	8 040
108 RM stab Kommunikasjon	7 154	7 915	8 050
110 Enhet Pleie- og hjelpeteneste	24 190	23 354	23 883
120 NAV	4 857	4 718	2 809
121 Helsetenesta i Bykle og Valle	12 550	11 199	10 277
130 Enhet Teknisk drift og eigedom	41 429	41 356	45 401
131 Selvkost inkl TDE	-25 159	-20 215	-18 105
150 Enhet Kultur og fritid	12 575	12 764	11 577
160 Enhet Bykle barne- og ungdomsskule	15 599	16 709	16 496
170 Enhet Barnehage	10 588	10 488	10 443
180 Enhet Fjellgardane skule	8 760	9 650	8 724
<b>Netto for alle enheter</b>	<b>151 374</b>	<b>126 975</b>	<b>149 230</b>

## 17. Personaldel.

Utvikling i årsverk (stillingsheimlar) totalt for kommunen.

År	2016	2017	2018	2019	2020
Antall	172,91	171,79	174,11	176,08	173,02

Lønsbudsjettet er på lik linje med budsjettet elles lagt inn med bruttotal. Inkludert i årsverk for 2020 er totalt 5 årsverk lærlingar, 2 årsverk turnuslegar, 1,10 årsverk vikarar for fast tilsette som har utdanning med løn. 0,65 % stilling ved renhold og vaktmeister som vert refundert ligg og inne. Vakante stillingar ligg og inne i budsjettet. I tillegg ligg inne ytelser som vi gjev til Bykle sokneråd og kommunale aksjeselskap. Politisk styring (ordførar, varaordførar/leiar planutval) ligg, som i 2019, inne med 1,4 årsverk.

Inkludert i lønskostnader ( utan å telje som stillingar) ligg og introduksjons- og kvalifiseringsstønad for flyktingar med kr 1 500 000. Midlane til dette vert dekt inn ved tilskott frå staten. I lønskostnader ligg og kostnad ved sumarhjelp/skuleungdom (utan å telje stillingar) med kr. 1 000 000,-.

Budsjett for løn og sosiale utgifter for 2020 er på kr 150 477 000. Dette er ei auke i samband med tal for 2020 i økonomiplan 2019-2022.

Kostnader til løn inkludert sosiale utgifter utgjør over 50% av dei årlege driftsinntektene. For å få fleire midler til andre driftskostnader og investeringer er det derfor viktig å redusere, eller halde stabile, lønskostnadene i åra framover.

Det er i økonomiplanperioden lagt opp til at lønskostnader skal reduserast framover. For å oppnå dette må ein redusere talet på tilsette med ca 6-8 årsverk. Målsettinga er at dette så langt som råd kan skje gjennom naturleg avgang. Vi må likevel, i samarbeid med dei tillitsvalde, sjå på prinsipp for nedbemanning.

For å kunne redusere antall stillingar slik det er lagt opp til, vil tilhøyrande arbeidsoppgåver søkjast løyst på andre måtar/gjennom omfordeling, eller ved kapasitetsreduksjon. Vakante stillingar ligg inne. Sjukevikarar skal berre nyttast når det er konkret behov og ikkje takast inn automatisk.

Det skal ikkje gjennomførast tilsetting i vakante stillingar før det nøye er vurdert, og gjennomført ei samla vurdering på kvafor andre alternative løysingsmåtar ein kan bruke. Interne rokeringar, innleige av kortids konsulenthjelp og interkommunalt samarbeid må sjåast på først.

Ein gjennomgang av dei enkelte einingane for å sjå på meir effektive måtar å drive på – både når det gjeld kostnader generelt og personellressursar vil halde fram.

Auke i løns- og pensjonskostnader er lagt inn med 3 % på årsbasis. Dette er nok noko lågt, da anslag på årslønsvekst i framlegg til statsbudsjett 2020 er på 3,6 %. I tillegg kjem pensjonskostnader. Premie til pensjon er avsett med 16,5% som kommunen sin arbeidsgjevarandel. Det er dei siste åra avsett midlar til eit fond, pensjonsreguleringsfond. Dette fondet er tenkt nytta i samband med utjamning av premieavvik pensjon. Premieavvik pensjon vert berekna kvart år, og er ikkje noko vi betaler eller får utbetalt. Er det positivt premieavvik eit år påverkar dette rekneskapen positivt. Imidlertid vert dette tilbakeført neste år, og då som ein kostnad. Pensjonsfondet er oppretta for å utjavne denne forskjellen i berekna tal. Ein kan og nytte dette fondet om årslønsveksten vert over budsjett.

Kampen om kompetansen hardnar til, og kan i mange tilhøve vere kostbar å kjøpe inn. Bykle kommune er i den heldige situasjon at vi har mange positive, motivera og dyktige tilsette. Desse må vi ta godt vare på. Tilrettelegging for skoloring og etterutdanning av våre eigne tilsette, slik at dei kan møte morgondagen sine krav, bør derfor framleis ha høg fokus i åra som kjem.

Kommunen sine behov, tufta i målet om ei god og effektiv tenesteyting til innbyggjarane, må heile tida ligge i botnen ved val av retning og form på opplæring og etterutdanning.

I lønspolitisk plan ligg ei rekke tiltak som automatisk honorerer dei som tek utdanning/etter- og vidareutdanning. Personalpolitisk plattform skal reviderast.

## 18. Kommentarer til årsbudsjett og økonomiplan på tenesteeiningsnivå.

Det er dei tilrådde tiltak som er teke med i budsjettoppstillingane.

### 18.1. Investeringsbudsjettet (kapitalbudsjettet)

Dei prioriterte tiltaka gjeld i hovudsak ferdigstilling av tidligare vedtekne prosjekt og prosjekt som lå inne i økonomiplanen 2019-2022. Det er ikkje funne plass til ytterlegare prosjekt no i økonomiplanperioden. Framover må det setjast særleg fokus på driftskonsekvensane av nye investeringar.

Nye lån: Det budsjetterast med opptak av lån til vidareutlån kr. 1 000 000,- og i tillegg opptak av lån til eigne investeringstiltak på kr. 35 260 000,-.

**Tilrådd budsjetttramme for investering i 2020 er som følgjer: Alle tal er nettotal.**

Prosjekt 249 Løyper iht løypeplan kr. 500 000,-  
I løypeplanen er det sett opp tiltak for utbetring av eksisterende og nye løyper, som for eksempel reparasjon av eller nye klopper/bruer samt utbedring og rydding traseer. Slike tiltak dekkast inn ved bruk av innbetalte midlar frå utbyggingsavtaler.

Prosjekt 641 Leikeplasser/nærmiljøanlegg kr 700 000,-  
Hovuddelen av midlane vert nytta til nærmiljøanlegg rundt Bykle barne- og ungdomsskule, i tillegg til nokre oppgradering av leikeplasser i boligområda.

Prosjekt 4001 – 4006 Utbygging Bykle alders- og sjukeheim kr. 3 000 000,-  
Dette er 2020-delen av tiltaket som no er i avslutningsfasen. Av hensyn til tilskott er prosjektet delt opp i forskjellige underprosjekt, som dekker veg, vatn og avløp, demensavdeling, somatisk avdeling, omsorgsboliger og dagsenter. Fordeling på dei einkilde prosjekt vert gjort seinare. Det er søkt om investeringstilskott på kr. 32 927 000,- som vert utbetalt etter at prosjektet er ferdigstilt. Dette tilskott er hensyntatt i investeringsbudsjettet i 2021, og nytta til finansiering av investeringstiltak der.

Prosjekt 580 Høgdebasseng Hovden kr 16 000 000,-  
For å sikre vassforsyninga på Hovden er det behov for nytt høgdebasseng for vatn. Arbeidet er planlagt gjennomført i 2020, og viderført med nytt vannverk og utbetring reserveinntak i 2021 og vidare. Løyvinga no gjelder høgdebassenget.

Prosjekt 555 Hovedplan VA Hovden kr. 7 000 000,-  
Det er stort behov for oppgradering av ledningsnett VA, nye pumpestasjoner oa. Jfr hovedplan for VA. Arbeidet er igangsatt og vil gå over flere år. Vatn og avløp ligg innforbi sjølvkostområdet. Total VA-plan inneheld tiltak på rundt kr. 100 000 000. Årets budsjett er tenkt i hovudsak nytta til hovedvassledning fra Hovden vannverk.

Prosjekt 269 Fjellgardane barnehage kr. 7 500 000,-

Fjellgardane barnehage har behov for oppgradering av ventilasjon, viduer, dører og personalrom. Bygget begynner å bære preg av sin alder, og må tilretteleggast slik at innemiljøet er tilfredstillande.

Prosjekt 311 Oppgradering svømmebasseng Bykle kr 2 500 000,-  
For å sikre vidare drift av bassenget i Bykle er det behov for oppgradering. Dette omhandlar m.a. installasjon av ny bassengdum, skifte av membran/ fliser i svømmebassenget, teknisk utstyr o.l. Bassengkroppen vert forsterka med bæreribber i kjellaren og det utjamningsbassenga i kjellaren vert bygd om.

Prosjekt 925 Oppgradering brannstasjon Hovden kr 5 000 000,-  
Brannstasjonen på Hovden tilfrestiller i dag ikkje krava frå arbeidstilsynet i forhold til rein og skitten sone, garderobeanlegg o.a. Dette må oppgraderes slik at krava vert innfridd.

Prosjekt 675 Kunstgressbane Hovden kr. 3 000 000 ,-  
Opparbeiding av kunstgressbane på deler av idrettsbanen på Hovden. Endeleg kostnadsalkyle er ikkje på plass. Vert teke opp som eigen sak når den ligg føre.

Prosjekt 773 Trafikksikring Hovden kr 1 000 000,-  
Tiltak for trafikksikring i Hovden sentrum.

Sum tiltak netto investeringsbudsjett 2020 kr. 46 200 000,-  
Finansieringen av årets investeringer er bruk av eigne disposisjonsfond med kr 1 700 000,-, bruk av næringsfondet kr 9 240 000,- og opptak av lån med kr. 35 260 000,-.

I tillegg kjem startlån.

Opptak av nye startlån for vidareutlån er budsjettera til kr. 1 000 000,-. Budsjettera innbetaling på startlån, kr. 251 000,- er budsjettera som vår innbetaling på avdrag til husbanken.

For tiltak i økonomiplanperioden viser vi til pkt. 7 i økonomiplanen.

## **18.2. Driftsbudsjettet**

Budsjettet er lagt fram som eit rammebudsjett innforbi kvar tenesteeining, og i samsvar med organisasjonsmodellen. Løyvinga til einingane er nettoløyving. Splitting av ramma i rekneskapen, (fordeling ut på rekneskaps-begrepet ”ansvar”), vert tillagt Kommunedirektøren. Det er ikkje gjort framlegg om endringar i tenestetilbodet til brukarane. Kvar tenesteeining kan i løpet av året innafor ramma bruke av eigne disposisjonsfond som er opparbeida ved overføring av midlar frå tidlegare års mindreforbruk.

Som grunnlag for tenestetilbodet og kvaliteten på dei tenestene som ytast ligg m.a. kommuneplanen, vedtekne serviceerklæringar for einingane, personalpolitisk plan, einingane sine verksemdplanar og andre vedtekne planar og reglement. Delegasjonsreglementet sikrer god flyt i sakshandsaminga.

Grunnbudsjettet for år 2020 byggjer på totalramma for 2019. Dei tiltak som vart løyvd til drift i 2019 er vidareført. Det er ikkje lagt inn nye løyvingar. Ved å ikkje justere driftsbudsjettet for prisvekst vert det ein realnedgang i driftsbudsjettet. Inkludert i driftsramma ligg og bruk av egne fond.

Ved kjøp av tenester som erstatter kommunal tenesteproduksjon (IKS ol) er kostnadene lagt inn lik budsjetterte kostnader frå dei enkelte selskap. Midlar til overføringar (tilskott o.l) er halde på same nivå som i 2019. Kostnader i samband med flyktningar vert tilrådd dekkja gjennom bruk av statstilskott og disposisjonsfond avsett til dette formålet.

Dei tiltak som er planlagt i investeringsbudsjettet i økonomiplanperioden vil påvikre driftsbudsjettet. Korleis investeringane påverkar drifta vert vurdert fortløpande.

Når det gjeld prising av varer og tenester er det i hovudsak lagt inn ein prisauke på 3%. Vatn, kloakk, slam og renovasjon er sjølvkostområder. Meir-/mindreforbruk eitt år vert sett av på fond for utlikning seinare år. For tilskotts- og stønadsordningar er det gjort ei mindre justering.



## 19. Budsjett per eining:

Samla informasjon om einingane sine mål og tilrådde tiltak følgjer fortløpande for kvart tenestemråde. Budsjetttrammene (netto) til drift og tilrådd fordela på dei ulike tenester som følgjer:

### *Eining 100 Rådmannstaben*

***Område rådmann, skatt-avgift-finansinntekt, fond-interne overføringer, politisk styre-råd-utval, personalavdeling, kommunikasjonsavdeling, planavdeling, næringsavdeling og økonomiavdeling:***

Formål/innhald/lovgrunnlag for tenesta:

Med basis i overordna styringsdokumentasjon og lovverk skal rådmannsstaben:

- vidareutvikle og tydeleggjere si rolle som sentral støttespelar, gjennom utøving av ei kvalitativ og profesjonell tenesteyting,
- sikre truverde og effektiv drift av kommuneorganisasjonen gjennom høg fagleg kompetanse, nytenking, gode rutinar og god forvaltningsskikk,
- sikre høg etisk standard i sitt daglege virke og arbeide for tverrfaglege løysningar.

Mål for tenesteininga:

Lokalsamfunn og utvikling:

Målet er å legge til rette for folketallsvekst og langsiktig næringsutvikling, der heilårs arbeidsplassar er målet.

Tenestekvalitet for brukarane:

Målet er å gi god informasjon til innbyggjarane om kommunens tenestetilbod og dei brukarrelaterte tenestene.

Kompetanse og personalutvikling:

Eininga har som mål å sikre høg fagleg kompetanse for å kunne levere gode tenester til innbyggjarane.

Interne prosessar:

Eininga har god kommunikasjon som mål.

Økonomi:

Målet er ei forsvarleg økonomistyring og ressursbruk.

Lovpålagte oppgåver som vert dekkja av eininga, ”SKAL”-oppgåver:


Byggesak, oppmåling, planarbeid, vaksenopplæring (frå august 2018 lagt inn under eining Bykle barne- og ungdomsskule), skuleeigar og barnehageeigar, arkiv, budsjett og økonomi, beredskap og eigedomsskattekontor.

I tillegg vert det gitt følgjande tilbod, ”KAN”-oppgåver:

Rådgjeving på landbruk, kart, møtesekretærar, web-redaktør, heimeside, informasjonsteneste, merkantiltjeneste på skulesaker på kommunenivå, stipend, legat, skuleskyss, annonsering, post, personalsaker, rekneskapsføring for Setesdal IKT, Bykle sokneråd, og næringsutvikling.

**Framlegg til driftsramme 2020 for eining 100-108:**

Enhet/ansvar	Netto driftsutgifter pr. enhet	Budsjett 2020	Budsjett 2019	Regnskap 2018
100	Enhet Kommunedirektøren	14 646 721	13 055 284	11 516 348
101	Enhet skatt,avgift,finansinntekt	-21 040 950	-43 228 950	-17 515 686
102	Enhet fond, interne overføringer	0	0	-1 915 791
103	Enhet Politisk styre,råd,utvalg	13 869 631	7 735 638	3 943 027
104	RM stab Personal	6 301 891	6 244 246	2 945 070
106	RM stab Næring	17 265 474	17 314 985	22 752 564
107	RM stab Plan	7 788 090	8 914 522	8 040 347
108	RM stab Kommunikasjon	7 153 658	7 914 980	8 050 280



**Eining 110 Pleie- og hjelpetenesta**

Formål/innhald/lovgrunnlag i/for tenesta:

Formålet til tenesta er å syte for at alle som til ei kvar tid oppheld seg i kommunen skal få nødvendig og kvalifisert helsehjelp som pleie, omsorg og praktisk bistand. Tenesta gjevast i form av institusjonsopphald, sjukeheim eller aldersheim, heimesjukepleie og hjelp til praktiske gjeremål i heimen.

Vidare har tenesta ansvar for å yte tenestar til personar med psykisk utviklingshemming. Tenesta er regulera av lov om kommunale helse- og omsorgstjenester (helse- og omsorgstjenesteloven). Pleie- og hjelpetenesta har i dag berre lovpålagde tenester.

#### Tenestekvalitet for brukarar:

Pleie- og omsorgsteneste med god kvalitet krev kompetanse hjå fagpersonar. Arbeidet i pleie og omsorgstenesta er prega av tverrfagleg samarbeid, fleksibilitet og individuell teneste tilpassing.

Kommunen skal gi gode tenester for brukarane i kommunen, både for heimebuande og dei som bur på institusjon. Tilbodet skal vere forsvarlig både når det gjelder omfang og nivå på tenestene.

Demente skal ha eit styrka tilbod med eiga gruppe personale, som er saman med dei på eige område. Dette gir ein del utfordringar for bemanninga, men målet er at ein kan redusere mykje uro, ikkje bruke tvang og eit minimum av medisinar.

#### Mål for tenesteeininga:

Gi forsvarlege helse- og omsorgstjenester til dei som bur og opphaldar seg i kommunen.

#### Samfunn og utvikling:

Pleie og hjelpetenesta skal vere i stand til å yte tenestar til alle som har behov for pleie og omsorg, enten i heimen sin eller på institusjonen. Det meste av tenestene som ytast er til kommunens eigne innbyggjarar, men ein skal og ha ei teneste som er budd på å meistre utfordringar med turistar som oppheld seg i kommunen. Mykje av tenestene som ytast til turistar er i periodar som det normalt er låg lokal aktivitet, som jul og påske. Mykje av denne tenesta er knytt til turistar og då heimebaserte tenester, som må løysast på kort varsel. Kommunen er per i dag i ein situasjon, der det ikkje er så mange som treng institusjonsplass som tidlegare. Det er eit mål, at dei som bur heime i dag skal få halde fram med dette så lenge som mulig. Det betyr at ein må styrkje heimesjukepleie og vere aktiv med tiltak heime hos dei som treng dette.

Kommunen har i dag mogligheit til å leige ut plasser på sjukeheimen, slik at rom ikkje står unytta.

Kommunal øyeblikkelig hjelp døgnopphald (KØH), er ei teneste som ligg i den ordinære drifta. Det er særskilde krav til bemanning og kompetanse for sjukepleiarane. Det er i dag to sjukepleiarar som har vidareutdanning i akuttsjukepleie.

2020 vil vere eit år der ein skal jobbe konkret vidare med dei tiltaka som kjem fram i pleie og omsorgsplanen. Utforming av tenesta vil halde fram i 2020 og etter februar vil heile bygget vere klar til drift. Vi kan då ta i bruk kontorar for helse, pleie og omsorg, psykisk helse og rus samt sju nye omsorgsbustader. Prosjektet var planlagt å vere ferdig til mai 2020. Dette er nå framskunda til februar 2020. Ombygging er viktig slik at ein kan gi pasientar med demens eit godt tilbod, i tråd med demensplanen 2015.

#### Kompetanse og personalutvikling:

Pleie- og hjelpetenesta skal ha ein stab med god fagutdanning innan alle felt. Det er lite ufaglærte i tenesta, då for det meste som tilkallingsvikarar. Ein skal jobbe med stadig kompetanseheving. Målet er å ha minimum to lærlingar på ulike trinn til ei kvar tid. Bykle kommune skal delta i prosjektet «menn i helse» der ein stillar med praksisplass og lære plass. Det er nå 9 sjukepleiare på sjukeheimen og institusjonen har sjukepleiar på vakt gjennom heile døgnet.

#### Interne prosessar:

Fokus på internkontroll og kvalitetssikring i alle ledd. Det er naudsynt med god skriftleg dokumentasjon. Det skal jobbast vidare med å få på plass internkontrollsystem og prosedyrar. Oppfylgning av planar og sjå framover på dei utfordringane som framtida vil bringe.

I tida framover vil vi arbeide med Stortingreformen «Leve hele livet». Reforma skal bidra til, at eldre kan mestre livet lenger, ha trygghet for at dei får god hjelp når dei har behov for det, at pårørende kan bidra uten at dei blir utslitt og at ansatte kan bruke sin kompetanse i tenestene. Reforma "Leve hele livet" løfter frem 25 løysningar og fleire hundre eksemplar frå kommunane som skal gi eldre ei trygg og aktiv alderdom. Kommunar som tar dei gode løysningane i bruk vil bli belønna i statlege støtteordningar.

#### Økonomi:

Målet er at drifta held seg innanfor ramma og at ein arbeider med å skaffe inntektar i eininga gjennom dei støtteordningar som finst. I 2020 vil ein kunne auke inntekta noe, med auka brukarbetalingar i husleige på nye omsorgsbustader. Kommunen må arbeide for god økonomistyring og mål om effektiv produksjon.

*SKAL- oppgåver:* Pleie og omsorgstenesta utfører lovpålagte tenester. Det skal søkjast om tilskot til arbeid med særleg ressurskrevjande brukarar.

#### Framlegg til driftsramme 2020 for eining 110:

Enhet/ansvar	Netto driftsutgifter pr. enhet	Budsjett 2020	Budsjett 2019	Regnskap 2018
110	Enhet Pleie- og hjelpeteneste	24 189 583	23 354 023	23 883 420



### **Eining 120 Nav/barnevern**

#### **Formål og innhald:**

NAV skal yte kvalitative og profesjonelle arbeids- og velferdstenester til alle som bur og oppheld seg i kommunen. Fagområde som høyrer inn under NAV er: sosiale tenestar, flyktningar, bustønad, arbeidssøkjjarar, arbeidsmarknad, sjukefråværsoppfølging, arbeidsavklaring, uføretrygd og prosjektstillingar «Nye mønstre».

#### **Barnevern:**

Kommunen skal sørge for at barn, unge og familiar får hjelp og støtte når det er vanskelig heime, eller barnet av andre grunnar har behov for hjelp frå barnevernet. Kommunen skal sikre at barn og unge som lever under forhold som kan skade deira helse og utvikling, får hjelp og omsorg til rett tid.

#### **Lovgrunnlag:**

Lov om sosiale tenester i NAV, introduksjonsloven, folketrygdloven og andre lovar og styrande dokument som regulerer tenesta, barnevernloven, barnelova, barnekonvensjonen, og menneskerettsloven.

#### **Mål for tenesteeininga:**

##### **Nav:**

Fleire i arbeid og aktivitet, færre på stønader og passive ytingar. Utøve eit godt busettings- og integreringsløp for flyktningar.

##### **Barnevern:.**

Gi hjelp og støtte slik at foreldrene skal kunne ivareta sitt omsorgsansvar, som til dømes: råd og veiledning, avlastningstiltak, støttekontakt og barnehageplass. Kommunen skal alltid ta utgangspunkt i kva som er til beste for barnet og bidra til at barn og unge får gode oppvekstvilkår. Kommunen skal sikre at barnekonvensjonen blir ivaretatt, og at barn sin rett til å gå på skule, rett til kvile, rett til fritid, rett til lek og til å si sin mening i alt som angår barnet blir ivaretatt.

#### **Samfunn og utvikling:**

Eininga skal være ein kunnskapsrik og delaktig samfunnsaktør og delta aktivt i utviklingsarbeid i eit velferdsperspektiv. Følgje med i samfunnsutviklinga og være oppmerksom på trendar som kan ha betydning for levekårutvikling i Bykle.

#### **Tenestekvalitet:**

Høg fokus på god tenestekvalitet. Resultat frå dei årlege brukarundersøkingar gjev moglegheit til å regulere og utvikle stadig betre brukartenester. Kommunen skal sikre at barn og unge får gode oppvekstvilkår.

#### **Kompetanse og personalutvikling:**

Eininga skal til ei kvar tid inneha god fagleg kompetanse på rettleiing og oppfølging av brukarar innan for alle fagområda. Årleg kartlegging av kompetanse, og oppdatering av

opplæringsplan for den enkelte medarbeidar, gjer at vi kan være førebudde på å takle nye oppgaver og satsingsområde i tenesta.

### Tenesteutvikling, interne prosesser:

Inneha riktige ressursar i form av personell, økonomi og teknologi for å kunne utføre våre arbeidsoppgaver til det beste for brukarar. Utvikle og vedlikehalde eit godt fag- og arbeidsmiljø. Bygge positivt omdøme gjennom fagleg brukarretta arbeid og godt samarbeid.

### Økonomi:

Arbeide for god økonomistyring og mål om effektiv produksjon.

*SKAL- oppgaver:* Nav og barnevern utfører i hovudsak kun lovpålagte tenester.

*BØR og KAN oppgaver:* Kjeveortopedi barn – behovsprøvd yting, brillerefusjon barn – er behovsprøvd yting.

### Organisering:

NAV Bykle vert frå 01.01.20 organisert i vertskommunen NAV Midt-Agder, med Vennesla som vertskommune. Vertskommunen har då ansvar for å lage framlegg til budsjett, og skal rapportere på driftsøkonomi.

Kommunene inngår i eit interkommunalt samarbeid i Setesdal barnevern, mellom kommunane Bykle, Valle og Bygland. Valle kommune er vertskommune. Frå den 01.01.17 har Setesdal barnevern knytt til seg Barnevernsvakta i Kristiansand. Barnevernsvakta er barnevernet si akuttberedskap på kveldstid og i helger. Hovedoppgåva er å hjelpe barn og familier i krise som treng hjelp raskt.

### Framlegg til driftsramme 2020 for eining 120:

Enhet/ansvar	Netto driftsutgifter pr. enhet	Budsjett 2020	Budsjett 2019	Regnskap 2018
120	NAV	6 572 996	8 187 482	8 011 874



### **Eining 121 Helsetenesta i Bykle og Valle**

«Helsetenesta i Bykle og Valle» er eit administrativt vertskommunesamarbeid mellom Bykle kommune og Valle kommune, med Bykle som vertskommune. Område som høyrer inn under eininga er: legetenesta, legevakt, kommuneoverlege, helsestasjon og skulehelseteneste, jordmortenesta, fysioterapitenesta, SLT-koordinator, koordinerande eining og psykisk helse og rus.

#### **Generelt:**

Helsetenesta har ansvaret for å gi alle personar som bur eller oppheld seg i kommunen eit fagleg forsvarleg helsetilbod i samsvar med lov og føresegner.

#### **Lovgrunnlag:**

Helse- og omsorgstjenesteloven, folkehelseloven, pasientrettslova, helsepersonelloven, smittevernloven, lov om psykisk helsevern, forskrift om kommunane sitt helsefremjande og førebyggjande arbeid i helsestasjons- og skulehelsetenesta, forskrift om miljøretta helsevern og mange andre lovar og føresegner.

#### **Tenestekvalitet for brukarar:**

God kvalitet betyr at helsetenestene er verknadsfulle, trygge og sikre, involverer brukarane, er samordna og prega av kontinuitet, utnyttar ressursane godt og er tilgjengelege og rettferdig fordelt. Dette krev kompetent fagpersonell, stor fleksibilitet, tverrfagleg samarbeid, individuell tenestetilpassing, god kapasitet og ikkje minst ein kunnskapsbasert praksis i alle ledd.

#### **Kompetanse, personalutvikling og tenesteutvikling:**

Eininga har høgt kompetente medarbeidarar, men har også eit stort behov for heile tida å utvikle og vedlikehalde kompetansen. Mange års erfaring med små og sårbare fagmiljø, gjerne med bare ein fagperson innanfor eit fagområde, var ein av årsakene til etableringa av felles helseteneste for Bykle og Valle kommunar. Målsettinga er at fleire tilsette skal gi betre høve til utvikling og vedlikehald av kompetanse, og eit meir differensiera fagmiljø.

Samhandlingsreforma stillar krav om utvikling av ny kompetanse og etablering av nye tenestetilbod. Dette stiller store krav til endring og utvikling i eininga og hjå den einskilde fagperson. Det er eit prioritert satsingsområde å ta hand om nye krav til kompetanse og tenestetilbod både gjennom utvikling av tenestene lokalt og i samarbeid med andre kommunar og helseføretaket.

#### **Erfaringar 2019- Framtida 2020:**

##### **Legetenesta:**

Det er oppretta ei styringsgruppe for å lage interne retningslinjer og prosedyrar i legetenesta. Gruppa møtast ein gong i månad på torsdagar. Helsehuset i Bykle har vore under oppussing og vert klår til bruk rundt nyttår.

##### **Helsestasjons- og skulehelsetenesta:**

Prosjektet «Helse på hjul» har motteke 400.000 kr frå Helsedirektoratet i 2019, som har vorte brukt til reklame og for å utvikle prosjektet vidare. Vidareføring av prosjektet er samstundes

avhengig av at kommunestyret i Bykle og Valle løyvar ytterlegare midlar til leasing av bubil og personalressursar.

Jordmortenesta:

Stabil teneste. Må flytte inventar og utstyr når helsesenteret i Bykle står ferdig i slutten av 2019.

Fysioterapitenesta:

Stabil teneste. Må flytte inventar og utstyr når helsesenteret i Bykle står ferdig i slutten av 2019.

Psykisk helse og rus:

Stort pasienttilfang i 2019, ser ut til å fortsetja i 2020. I 2019 har det difor vore leia inn ekstra psykologhjelp, som kjem til å gå ut i 2020. Ei viktig og sårbar teneste med mange personelle endringar i 2020 på grunn av blant anna permisjon og samfunnsoppdrag. Vanskelig å rekruttera psykolog, som er ei lovpålagt stilling. Det kan vera naudsynt med omorganisering tidleg i 2020.

Tilsyn av Fylkesmannen på koordinerande eining. Ei arbeidsgruppe held på med å sjå på forbetring av rutinar og ei mest hensiktsfull organisering av koordinerande eininga, slik at avvika me fekk kan lukkast. Tilbakemelding til Fylkesmannen i desember 2019.

Tenesteleiar:

Ny tenesteleiar tilsett frå september 2019.

Generelt:

Helsetenesta leverer gode tenester til innbyggjarane i Bykle og Valle, og servicenivået er høgt. Likevel, så manglar det nokon rutineskildringar og eit systematisk arbeid for kvalitetssikring og brukarmedverknad. Rutinane kring systematisk arbeid med helse, miljø og tryggleik må reviderast. Forskrift om leiing og kvalitetsforbetring, som har erstatta internkontrollforskrifta innan helse i 2017, må implementerast meir tydeleg. Det er mykje arbeid her som står att.

Lovpålagte/ikkje-lovpålagte oppgåver:

Kommunen sitt ansvar for helse- og omsorgstenester fylgjar av kapittel 3 i helse- og omsorgstenesteloven. Dei fleste oppgåvene som løysast fylgjar av lova sine føresegner, lovpålagte avtalar eller kravet om fagleg forsvarlege tenester. Kommunen har lagt seg på eit tenestnivå som på enkelte område går utover lova sitt minimumskrav. Døme på dette er røntgenundersøkingar/ultralyd, fysioterapibasseng, lymfedrenasje mv. Bakgrunnen for at kommunen yter desse tenestene er lang avstand til sjukehus, spesialistar mv. og at ein ønskjer flest mogleg tenester nærast der pasienten bur.

**Framlegg til driftsramme 2020 for eining 121:**

		<b>Budsjett 2020</b>	<b>Budsjett 2019</b>	<b>Regnskap 2018</b>
Enhet/ansvar	Netto driftsutgifter pr. enhet			
	121 Helsetenesta i Bykle og Valle	12 550 021	11 199 344	10 276 840

### **Eining 130 Teknisk drift og eigedom**

#### **Mål for tenesteeininga:**

Drifts- og vedlikehaldsansvar for veg, vatn- og avløp, kommunale bygg, samt grøntanlegg, kommunale idrettsanlegg og leikeområder.

Det er eit overordna mål å drifte, vedlikehalde og forvalte desse anlegga/bygga på ein slik måte, at dei til ei kvar tid er funksjonelle i høve dei ulike brukargruppane, og at anlegga ikkje vert forringa i verdi.

Ein skal også bistå andre driftseiningar med å kunne gi innbyggjarane eit så godt tilbod som mogleg, innafør dei til einkvar tid vedtekne budsjettrammar.

#### **Tenestekvalitet for brukarane:**

Arbeide for at alle tekniske anlegg og bygg har ein standard som sikrar stabil levering av varer og tenester, og som sikrar at bygningar og anlegg er funksjonelle i høve den virksomhet som desse er bygd for.

#### **Kompetanse og personalutvikling:**

Det er ei prioritert oppgåve å skolere og oppretthalde god kompetanse hjå dei tilsette for å kunne oppretthalde/gjennomføre dei målsettingar som er sett. Det er i tillegg ei målsetjing/utfordring å behalde kvalifisert arbeidskraft.

#### **Økonomi:**

Målet er ei forsvarleg økonomistyring og ressursbruk. Det bør ikkje setjast i gong investeringsprosjekt utan at dei driftsmessige, økonomiske og personellmessige konsekvensane er vurdert.

#### **Lovpålagte oppgåver:**

Drift av kommunale avløpsrenseanlegg er underlagt utsleppsløyver, og må fylgje lovpålagte prøvetakingsprogram. Drift av kommunale vassverk er underlagt lovpålagte krav frå Mattilsynet. Andre lovpålagte oppgåver er vintervedlikehald av kommunale vegar, reinhald av bygg ut i frå funksjon og bruk.

#### **Ikkje lovpålagte oppgåver:**

Vaktmeistartenester, vedlikehald av grøntanlegg, leikeplassar og friluftsområder er kommunale tenester som ikkje er lovpålagt, der omfang og tenestenivå bestemast av kommunen.

#### **Framlegg til driftsbudsjett for 2020:**

Driftsramma er i hovudsak vidareført i høve 2019. Det er midlar til vidareføring av vedlikehaldsplan for bygg, veg og VA, og det er nå naudsynt å prioritere ei auka satsing på desse områda for å hindre stort forfall på allereie gjennomførte investeringar.

Utbygginga på Hovden førar til, at kapasitet på vatn- og avløpsnett nå er kritisk i delar av Hovden. Dette betyr stort behov for investeringar i sanering/oppgradering av ledningsnett,

tekniske installasjonar, samt oppgradering/nytt vassverk. Driftsramma vil til einkvar tid måtte vere eit resultat av dei investeringar som gjennomførast. Det gjeld også personallressursar som skal stå for den løpande drifta.

Det er vidareført midlar til å fortsette utskiftning av gate og løype/parklys. Dette er eit prosjekt som vil spare driftsutgifter på sikt.

**Framlegg til driftsramme 2020 for eining 13\*:**

Enhet/ansvar	Netto driftsutgifter pr. enhet	Budsjett 2020	Budsjett 2019	Regnskap 2018
130	Enhet Teknisk drift og eigedom	41 428 866	41 356 479	45 400 599
131	Selvkost inkl TDE	-25 159 189	-20 215 465	-18 299 020



**Eining 150 Kultur og fritid**

**Mål for tenesteininga:**

Bykle kommune skal vere pådrivar for at flest mogleg bidreg aktivt i lokalsamfunnet. På den måten kan kommunen og innbyggjarane saman vidareutvikle eit attraktivt kultur- og fritidstilbod for kommunens befolkning og besøkande. Målet er trivsel og god psykisk helse for alle. Kulturlivet skal vere mangfaldig, sterkt og uavhengig.

**Formål og innhald for tenesta:**

Bykle skal vere prega av eit rikt, mangfaldig og berekraftig kulturliv, som bidreg til gode miljø og levekår. Dette må i stor grad gjerast ut i frå tanken om kva ein kan få til i fellesskap med innbyggjarane, lag- og organisasjonar. Tilpassa alle frå 0-100 år.

- Utøve ein aktiv kunst- og kulturpolitikk som tek vare på tradisjonar, samtidig vere tidsriktig og nyskapande.
- Støtte opp under arbeid med immateriell- og materiellkulturarv, andre kulturar og kulturuttrykk.
- Utvikle og arrangere kulturelle opplevingar og møtestader som skapar trivsel og toleranse.
- Aktivitetar og opplevingar som gir motivasjon for fysisk aktivitet, inspirasjon og sosial tilhøyrse.
- Vere ein viktig samarbeidspartnar med lokale lag- og organisasjonar, samt kulturbasert næring.

### Lovgrunnlag:

Folkebibliotekloven, kulturlova, lov om film og videogram, opplæringsloven, kulturminneloven, konvensjonen om vern av den immaterielle kulturarven og folkehelseloven.

### Tenestekvalitet for brukarane:

Hovudmål: Bykle kommune skal vidareutvikle eit målretta og attraktivt kultur- og fritidstilbod for kommunens befolkning og besøkande.

Delmål: Kvalitet og nyskaping, tydeleg profil og prioriteringar. Kommunen skal bidra til lokal forankring og særpreg, gjennom deltaking, engasjement og samarbeid. Tenesta skal vere tilgjengelege både for lokale og besøkande.

### Interne prosessar:

Kulturpolitisk handlingsplan blir fylgd opp, samt starte revidering av gjeldane plan.

Sikre høg fagleg kompetanse for å kunne levere kvalitativt gode tenester.

Halde seg oppdatert gjennom kurs og vidareutdanning.

### Økonomi:

*"SKAL" oppgåver:*

Kulturskule for barn og unge, bibliotekdrift, barne- og ungdomsråd, støtte til kyrkja og andre trussamfunn, støtte til frivillige lag og foreiningar, museumsdrift, den kulturelle skulesekken, den kulturelle spaserstokken og drift av kulturhus.

*"BØR" og "KAN" oppgåver:*

Musikk- og kulturundervisning i barnehage, skule og for vaksne, barne- og ungdomsarbeid, kinodrift, treningstilbod, støtte til sesongkort v/alpinsenter og badeland, støtte til andre forsamlingshus, kunstformidling og drift av Bykle frivilligsentral.

### Framlegg til driftsramme 2020 for eining 150:

Enhet/ansvar	Netto driftsutgifter pr. enhet	Budsjett 2020	Budsjett 2019	Regnskap 2018
150	Enhet Kultur og fritid	12 575 329	12 764 213	11 576 976

### **Eining 160 Bykle barne og ungdomsskule, vaksenopplæringa**

#### Formål/innhald/lovgrunnlag for tenesta:

Skulen skal samarbeide med heimen om å gi elevane god allmennkunnskap og utvikle gagnlege og sjølvstendige menneske. Opplæringa er basert på opplæringslova og læreplanverket for 10-årig grunnskule.

#### Mål for tenesteininga:

Bykle barne- og ungdomsskule vil vere ein skule med aktive og trygge elevar. Læring er skulen si viktigaste oppgåve.

#### Tenestekvalitet for brukarane:

Vi har læring som hovudfokus. Det handlar om fagleg kunnskap, å ta ansvar og det å vise kvarandre respekt og omsorg. Vi jobbar med Pals for å fremje dette. Vi får m.a. tilbakemeldingar gjennom elevundersøkingar, foreldreundersøkinga og ei Pals-undersøking mellom lærarane. Vi prøvar å ha ein lav terskel for tilbakemeldingar frå elevar og foreldre.

#### Kompetanse og personalutvikling:

Eininga har som mål å sikre høg fagleg kompetanse for å kunne levere gode tenester. Det siste året har vi ikkje greidd å få kvalifisert personale i alle lærarstillingane. Vi bør difor jobbe meir aktivt for å rekruttere folk. Kanskje må ein tilby meir i økonomisk godtgjerdsle. Slitasjen på dei faste lærarane kan bli stor viss vi manglar folk med rett kompetanse. Det er også viktig å kunne gi kurs og vidareutdanning til det personalet ein alt har, for å utvikle kompetansen. Nye krav frå Kunnskapsdepartementet i mange fag, gjer at vi må halde fram med å gje vidareutdanning til fleire av lærarane for å tilfredsstillе kompetansekrava. I år har vi to lærarar som tek vidareutdanning.

Vi legg også opp til å kurse personalet på nytt i «Mitt val». Det har blitt aktualisert i samband med det nye tverrfaglege temaet livsmeistring.

#### Interne prosessar:

Vi er med i eit prosjekt som heiter desentralisert kompetanseheving. Der samarbeider vi med UIA. Tema er IKT og fagfornyninga. Skulen har eigne ressurslærarar i IKT. Vi brukar mykje av utviklingstida til desse emna. Pals-arbeidet har blitt implementert.

Hausten 2018 starta vi opp med å bruke Office 365 med ei ny læringsplattform, «Skooler». Vi brukar ein del tid og ressursar nå på opplæring og bruk av den nye plattformen og andre program som ligg inn i Office 365.

#### Økonomi:

Skulen har som mål å ha ei forsvarleg økonomistyring og ressursbruk. Personalet er hovudressursen, og løn er hovudkostnaden vår. Det har vore stor fokus på mål, kvalitet og resultat i skulen dei seinare åra. Vi slår saman klassar i nokre fag, men prøvar å halde på fulldeling i kjernefaga norsk, engelsk og matematikk. Vi har sosialpedagogisk rådgevar i 70% stilling. Det er ein svært nyttig ressurs for elevane. Vi har både lærling og ein person i arbeidspraksis hos oss.

Vi ønsker å få til ei oppgradering av uteområdet. Vi starta med å lage ein gapahuk til ungdomsskulen. Den vart godt teken imot. Vi fekk og til nytt overbygg ved inngangen til SFO.

#### Inntekter frå SFO:

Frå hausten 2018 har vi la vi om på betalinga til SFO knytt til feriar. Det førte til at foreldra held ungane sine meir heime i feriane. Det er difor lettare å planlegge ferie og fridagar for personalet i desse periodane. Elles ser vi at den utvida opningstida har ført til færre vaksne på SFO siste del av dagen.

#### Lovpålagde oppgåver som vert dekkja av eininga ,« SKAL-oppgåver»:

Vi må følge opplæringslova og arbeide etter Kunnskapsløftet. Elles må vi ha SFO, leksehjelp, fysisk aktivitet for 5.-7. klasse og leirskule. Vi må gi spesialundervisning til dei som ikkje har utbytte av den vanlege undervisninga og norskopplæring for framandspråklege. Ungdomsskulen skal ha valfag.

#### I tillegg vert det gitt følgjande tilbod « KAN-oppgåver»:

Kantine og tur med Kvite Bussar. Vi gir tilbod om leksehjelp for alle elevane.

#### Vaksenopplæringa:

Frå hausten 2018 vart vaksenopplæringa lagt under Bykle barne- og ungdomsskule. Vi har ei avdeling i Bykle, der ein har introduksjonsprogrammet for flyktingar, med undervisning i norsk og samfunnsfag. På Hovden har vi eit frivillig tilbod til arbeidsinnvandrara ein kveld i veka.

Det vert jobba systematisk med språk og kulturforståing, der målet er å få så mange som råd i arbeid eller vidare utdanning slik at dei kan få bruke sine ressursar i samfunnet vårt. Ein samarbeider tett med fleire instansar for å få dette til.

Det er eit sterkt ønske om å få fleire flyktingar til kommunen.

#### Framlegg til driftsramme 2020 for eining 160:

Enhet/ansvar	Netto driftsutgifter pr. enhet	Budsjett 2020	Budsjett 2019	Regnskap 2018
160	Enhet Bykle barne- og ungdomsskule	15 599 315	16 709 417	16 495 950



### Eining 170 Barnehage

#### Formål/innhald/lovgrunnlag for tenesta:

Barnehagen skal i samarbeid med heimen ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som gir grunnlag for allsidig utvikling. Barna skal få utfolde skaperglede, undring og utforskertrang. Dei skal ta vare på seg sjølv, kvarandre og naturen. Dei skal ha rett til medverking tilpassa alder og forutsetningar. Kommunen følgjer barnehageloven.

#### Mål for tenesteeininga:

Barnehagane har som mål å gi eit utfordrande og lærerikt oppvekstmiljø. Godkjend årsplan, som ligg på kommunen si heimeside, er eit viktig arbeidsredskap. Kommunen ser det som viktig å ha eit godt samarbeid med foreldra.

#### Tenestekvalitet for brukarane:

Barnehagane skal gjennomføre ei brukarundersøking i mai 2020. Det er også planlagt foreldremøte og foreldresamtalar.

#### Kompetanse og personalutvikling:

I samarbeid med Nettverk Setesdal, har barnehagane utarbeidd ein plan for kompetanseheving for 2019-2023. Planen er to-delt, ein del for alle tilsette og ein del for pedagogiske leiarar i regionen. Tema for alle tilsette er barnehagens språkmiljø, der «Nasjonal strategi for språk, lesing og skriving» er sentral i kompetansehevinga. Nasjonalt senter for skriveopplæring og skriveforskning står for innhald og oppfølging av mellomarbeidet i barnehagane. Planen for dei pedagogiske leiarane vil omhandle leiing av barnehagebasert kompetanseutvikling og utvikling av barnehagen som profesjonelle lærande fellesskap. Ein tilsett tek vidareutdanning i «Psykisk helse i barnehagen», og ny tenesteleiar skal delta på nasjonal styrarutdanning.

#### Interne prosessar:

Barnehagane har språkpraksisplassar. Fjellgardane barnehage er partnerbarnehage for UiA-studentar i fordjupningsfaget utefag.

#### Økonomi:

Fjellgardane barnehage har behov for omfattande oppgradering av vindauger/dørar, ventilasjon, ombygging av personalrom m.m. for å kunne gi barn og vaksne eit tilfredsstillande innemiljø.

Lovpålagde oppgåver som vert dekkja av eininga:

- Barnehageplass for barn under opplæringspliktig alder som er busett i kommunen
- Barn som fyller eit år seinast innan utgangen av november det året det vert søkt om barnehageplass, har etter søknad rett til å få barnehageplass frå august.
- Barn med rett til prioritet ved opptak får plass i barnehagen
- Kommunen skal minimum ha eit opptak i året
- Kommunen skal tilby minimum 30% søskenmoderasjon i foreldrebetalinga for 2.barn og minimum 50% for 3.barn.

- Bemanning- og pedagognorm

Dette er noko som kommunen i dag tilbyr, men som ikkje er lovpålagd:

- Kommunen tilbyr alle barn barnehageplass
- Kommunen har opptak heile året (utanom juli og halve august)
- Barn som ikkje har rett til barnehageplass grunna alder, får også plass
- Dei barna som har rett til prioritet, får også tildelt dei ressursane som vert tilrådd frå t.d. PPT
- Kosten er inkludert i månadsprisen.
- Søskenmoderasjon er 50% for både 2. og 3. barn, og 50% for søsken i SFO
- Kommunen har utdanna barne- og ungdomsarbeidarar på avdelingane

### Framlegg til driftsramme 2020 for eining 170:

Enhet/ansvar	Netto driftsutgifter pr. enhet	Budsjett 2020	Budsjett 2019	Regnskap 2018
170	Enhet Barnehage	10 588 343	10 487 578	10 443 352



### Eining 180 Fjellgardane skule

Føremål/innhald/lovgrunnlag for tenesta:

Skulen skal samarbeide med heimen om å gi elevane god allmennkunnskap og utvikle kunnskap, dugleik og haldningar slik at dei skal kunne meistre liva sine og delta i samfunnet. Skulen skal gje elevar som treng særleg tilrettelegging, eit tilbod om det. Skulefritidsordninga er og ein del av skulens ansvar. Grunnskuleopplæring er basert på opplæringslova og læreplanverket for den 10-årige grunnskulen.

Mål for tenesteininga:

Vere ein skule med trygge elevar som trivast. Læring er skulen si viktigaste oppgåve.

Tenestekvalitet for brukarane:

Skulen set elevane si læring i fokus slik at dei får ein kompetanse dei har bruk for. Det vert lagt vekt på at alle skal ta ansvar for eit godt læringsmiljø.

Ein gjennomfører elev- og foreldreundersøking kvart år for å få tilbakemeldingar frå brukarane. I tillegg kjem faste konferansetimar og foreldremøte.

### Kompetanse og personalutvikling:

Målet er å sikre høg fagleg kompetanse for å kunne levere gode tenester.

Dette gjer det viktig med etterutdanning og vidareutdanning, særleg på ein liten skule. Nye reglar krev, at lærarar som underviser i norsk, engelsk og matematikk på barnetrinnet skal ha minimum 30 studiepoeng i faget. Dette er gitt tilbakeverkande kraft. Difor må skulen leggje til rette for vidareutdanning i fag framover, slik at krava til kompetanse vert tilfredsstillt og at lærarane kan undervise i mange fag. Skuleåret 2018-2019 tar to lærarar vidareutdanning i engelsk, 30 studiepoeng, og for skuleåret 2019-2020 tar to lærarar vidareutdanning i IKT, 15 og 10 studiepoeng.

Skuleåret 2018-2019 og 2019-2020, har særleg fokus på språk og ein deltar på eit nettbasert kompetansetilbod som heiter «Språkløyper». Ein god del av personalmøta vert bruka til å bygge felles kompetanse. I tillegg vil det bli bruka ein del tid til samarbeid med UIA rundt IKT og den nasjonale DEKOMP-satsinga. I januar 2020 startar førebuinga på innføring av ny læreplan.

Eininga har det siste året hatt utfordringar rundt rekruttering, så dette skuleåret går vi med mindre bemanning enn budsjettet. Dette er ingen gunstig situasjon, som vi håpar å unngå i framtida.

### Interne prosessar:

Stort fokus på kompetanse og lærande organisasjonar. Skulen må nytte tid med personalet for å styrke samarbeidet om felles mål og bygge felles kultur. Fjellgardane skule er praksisskule for UiA.

### Økonomi:

Målet er å gi eit godt SFO- og skuletilbod med forsvarleg ressursbruk og innafor dei rammane eininga er tildela. Naudsynte spesialpedagogiske tiltak kan kome til å krevje store ressursar framover. Ein lyt fylgje med på desse kostnadane gjennom budsjettåret. Det ser ut til at elevtalet vil ligge på om lag 50 i åra framover.

### Lovpålagde oppgåver som vert dekkja av eininga (skal-oppgåver) :

Skulen må følgje opplæringslova og arbeide etter Kunnskapsløftet (den læreplanen som gjeld i dag.) Elles skal skule gje tilbod om SFO, norskopplæring for framandspråklege, spesialundervisning og leksehjelp/fysisk aktivitet.

### I tillegg vert det gitt følgjande tilbod (kan-oppgåver):

Skulemat, søskenmoderasjon SFO og mat er inkludert i prisen på SFO.

### Framlegg til driftsramme 2020 for eining 180:

		Budsjett 2020	Budsjett 2019	Regnskap 2018
Enhet/ansvar	Netto driftsutgifter pr. enhet			
180	Enhet Fjellgardane skule	8 760 016	9 649 744	8 724 383

## 20. Kommunale avgifter, prising og tilskott for 2020

Nye satsar gjeld frå 01.01.2020

### 1. Vatn og kloakk – tilkoblingsavgift

Avgiftsområde Dimensjon på inntaksledning i mm	Ny sats eks. mva	Ny sats inkl. mva
Vatn ,opp til 32mm	Kr 18 500	N=1, kr 23 125,-
Kloakk, opp til 32 mm	K. 63 900	N=1, kr 79 875,-
+ for vatn og kloakk		
32-40 mm		N= 1,5
41-63 mm		N=2
64-75 mm		N=2,5
76-110 mm		N=3
Over 110 mm		N=5

For vertikaldela hus og hytter (rekkjehus/hytter) så gjeld tilkoplingsavgiftene pr. enhet. Det samme gjeld for forretningsbygg og leilighetsbygg og andre bygg som vert seksjonert i fleire einingar/seksjonar. BRA= bruksareal. Det er ikkje løyve til å nytte vatn frå kommunalt vannverk til energiutnytting.

### 2. Årsavgifter

Einingspris for vatn	Ny sats eks. mva	Ny sats inkl. mva
Pris pr. m3 for vatn	kr 6,75 pr. m3	kr 8,43 pr. m3
Pris pr. m3 for kloakk	kr 14,10 pr. m3	kr 17,62 pr. m3
Pris pr. m3 industrivatn	kr 1,75 pr. m3	kr 2,18 pr. m3

Forbruksgebyret vert basert på faktisk vassforbruk, målt med vassmålar. Avlaupsmengde er lik vassmengde.

Abonnementsgebyr Dimensjon på inntaksledning i mm	Ny sats eks. mva	Ny sats inkl. mva
Vatn	N=1 kr 2 920	N=1, kr 3 650,-
Avlaup	N=1 kr 5 083	N=1, kr 6 353,75
32-40 mm	N= 1,5	N= 1,5
41-63 mm	N=2	N=2
64-75 mm	N=2,5	N=2,5
76-110 mm	N=3	N=3
Over 110 mm	N=5	N=5

Stipulert forbruk.

For dei som ikkje ynskjer vassmålar vert forbruksgebyret basert på stipulert forbruk etter slik arealtabell:

Areal	Bustadhus	Fritidsbustad
Inntil 150 m2 BRA	100 m <sup>3</sup>	60 m <sup>3</sup>
151 - 200 m2 BRA	150 m <sup>3</sup>	80 m <sup>3</sup>
201 - 300 m2 BRA	200 m <sup>3</sup>	100 m <sup>3</sup>
301 - 400 m2 BRA	300 m <sup>3</sup>	140 m <sup>3</sup>
401 - 1000 m2 BRA	400 m <sup>3</sup>	160 m <sup>3</sup>

### 3. Vassmålarar

Vassmålarleige	Ny sats per målar
Inntil 26mm	312,-
27-51mm	504,-
52mm og større(flensemålar)	1 565,-
Spesielle målarar (kombimålarar)	3 770,-

Målarleige forfell til betaling 1.termin. Kommunen eig vassmålaren, og betaler alle kostnader knytt til installasjon og vedlikehald av målaren. Det vert betalt ei årleg leie for å dekke desse kostnadane, og leiga varierer med storleiken på målaren. Forbruket vert avlese ein gong i året. I tillegg til den faste vassmålaravgifta skal abonnenten betale for mengde vatn og kloakk etter einingsprisar pr. m<sup>3</sup>. Oppsetting av vassmålarar skal skje etter forskrift for innkreving av vatn- og kloakkavgift i Bykle kommune- sjå pkt 2.

### 4. Slamtømming

Fast tømning etter liste (husstander) Tank tømmes hvert andre år. Årlig gebyr	Ny sats eks. mva Kr	Ny sats inkl. mva Årlig gebyr Kr
Tank <4,5 m <sup>3</sup> (minstepris)	1 772,-	2 215,-
Tank 4,5-7,5m <sup>3</sup>	2 101,-	2 626,25
Tank 7,5-10,5m <sup>3</sup>	2 544,-	3 180,-
Tank 10,5 -13,5 m <sup>3</sup>	3 275,-	4 093,75
Tank 13,5 – 16,5 m <sup>3</sup>	3 492,-	4 365,-
Volum utover forannevnte, pris pr. m <sup>3</sup>	505,-	631,25
Fast tømning etter liste (hytter) Tank tømmes hvert fjerde år. Årlig gebyr	Ny sats eks. mva Kr	Ny sats inkl. mva Årlig gebyr Kr
Tank <4,5 m <sup>3</sup> (minstepris)	1 375,-	1718,75
Tank 4,5-7,5m <sup>3</sup>	2 503,-	3 128,75
Tank 7,5-10,5m <sup>3</sup>	3 481,-	4 351,25
Volum utover forannevnte, pris pr. m <sup>3</sup>	505,-	631,25

Tømming på bestilling (såkalla «tette tanker uten utløp» , minirensanlegg, og tømning ordinære anlegg utenom planlagt tid	Ny sats eks. mva Kr	Ny sats inkl. mva Årlig gebyr Kr
Tank <4,5 m <sup>3</sup> (minstepris)	2 055,-	2 568,75
Tank 4,5-7,5m <sup>3</sup>	3 363,-	4 203,75
Tank 7,5-10,5m <sup>3</sup>	4 704,-	5 880,-
Tank 10,5 -13,5 m <sup>3</sup>	6 048,-	7 560,-
Volum utover forannevnte, pris pr. m <sup>3</sup>	505,-	631,25
<b>Tillegg: Nød-tømming utenom arbeidstid, alle tanker</b>	3 395,-	4 243,75
<b>Tillegg: Nød-tømming, hastesak (innen 24t)</b>		8 750,-

### 5. Renovasjonsavgift.

Type abonnement	Henting	Einings-pris ny	Ny årsavgift eks. mva	Ny årsavgift inkl. mva
Fastbuande				
120 liter restavfall	14	103,-	1 442,-	1 802,50
240 liter restavfall	14	206,-	2 884,-	3 605,00
360 liter restavfall	14	309,-	4 326,-	5 407,50
120 liter matavfall	26	15,50	403,-	503,75
240 liter matavfall	26	31,-	806,-	1 007,50
360 liter matavfall	26	46,50	1 209,-	1 511,25
240 liter papir (plast,glas/metal inkl)	12	31,-	372,-	465,00
Hytter			1 500,-	1 875,00

Levering av restavfall til Tykkås mottaksstasjon er førebels inkludera i avgifta for privatabonnentar. Fastbuande skal ha abonnement for restavfall, matavfall, papir/plast og glas/metall. Det kan gjevast fritak for matavfall ved heimekompostering. Næringsdrivande har avtale direkte med renovatøren.

### 6. Feiing.

Måleenhet	Ny sats eks. mva	Ny sats inkl. mva
Pr. pipe (bolig- og fritidshus)	Kr 300,-	Kr 437,50

**Gebyr pkt 1 – 6 vert fakturert 6 g. per år.**

### 7. Handsamingsgebyr

Måleenhet	Ny sats kr.
Løyve til tiltak eit trinn, pr.eining, jfr pbl § 20-1	7 725,-
Løyve tilbygg/ garasjar jf pbl 20-1	3 185,-
Rammeløyve jfr pbl § 20-1	1 800,-
Igangsettingsløyve jfr pbl § 20-1	7 160,-
Ytterlegare oppdeling i fleire trinn, jfr pbl.§ 20-1	1 030,-
Tiltak som kan foreståes av tiltakshaver jfr PBL 20-4	1 215,-
Endring i gjeve løyve, jr pbl.§ 20-1	2 300,-
Bruksendring jfr pbl.§ 20-1	2 000,-
Graveløyve einskildtomter, jfr PBL 20-1	
Disp.søknad jf pbl.§ 19-1	
Riving, tiltak over 100m <sup>2</sup> , jfr. Pbl §m20-1	3 185,-
Riving under 100m <sup>2</sup> jfr pbl.§ 20-1	1 215,-
Midlertidig bruksløyve	
Vesentlig terrenginngrep jfr pbl.§ 20-1	7 725,-
VVA-anlegg og større parkeringsplassar, jfr pbl.§ 20-1	7 725,-

Rehabilitering av pipe / ny skorstein jfr pbl.§ 20-1	1 030,-
2.mellombelse bruksløyve, jfr pbl.§ 21-10	1 800,-
Oppdeling og sammenføring av brukseiningar, jfr pbl.§ 20-1	5 000,-
Kommunal godkjenning av foretak for ansvarsrett, jfr. SAK 10 §§ 6-8 og 11-4	1 800,-
Disp.søknader jfr pbl § 19-1 Disp frå planar eller forskrift som må på høyring	10 000,-
Disp.søknader jfr pbl.§ 19-1 Disp. frå planar eller forskrift ikkje høyring	7 100,-
Seksjonering: Opptil 6 seksjonar Over 6 seksjonar Synfaring Er det uteareal til ein seksjon skal det reknast gebyr etter matrikkellova, jfr pkt. 1.1.3 i regulativet for oppmåling.	5 000,- 8 000,- 2 000,-
Eigarseksjonering utan befarang med befarang	

Gebyr for sakshandsaming av andre byggesaker etter Plan- og bygningslova vert fakturert etter medgått tid, grunnlag kr. 1 050,- per time. 10% av andelen av gebyrsatsane vert nytta til tilsyn jf.pbl § 33-1. Bruk av sakkyndig bistand under tilsyn vert fakturert etter gjeldane timesats frå den sakkyndige sitt føretak, jfr pbl § 33-1.Gebyr etter pbl § 19-1 og §20-1 vert fakturert med halve gebyret ved avslag.

Hotell/leilighetsbygg/industribygg og andre arbeid under bygningslova §20-1.

Måleenhet	Ny sats pr kvm bruksareal kr
Bygg 0 - 200 m <sup>2</sup>	83,- pr. m <sup>2</sup>
201 m <sup>2</sup> og oppover	20,- pr. m <sup>2</sup>
Minstepris	7 725,-

Midlertidige brakker/anlegg pr. m<sup>2</sup> bruksareal. Jfr pbr §§ 20-1 og 20-2.

Måleenhet	Ny sats kr
Frå 0 m <sup>2</sup> og oppover	20,- pr. m <sup>2</sup>
Minstepris	7 725,-

Søknad om deling av eigedom, jfr pbl.§20-1,bokstav m

Måleenhet	Ny sats kr
Deling i tråd med grenser sett i reguleringsplan, pr.eining	1 800,-
Deling i tråd med regulert formål i reguleringsplan, pr.eining	2 330,-

Deling når verken reguleringsplan eller grenser ligg føre timepris kr. 1 050,-. Gebyret er å sjå på som eit handsamingsgebyr, og skal fakturerast straks saka er teke opp til handsaming. Seinare trekking av innkomne søknader/saker medfører ikkje refusjon av innkravt/innbetalt handsamingsgebyr.

### *7 b. Gebyr for arbeid etter forskrift om utsepp frå mindre avlaupsanlegg*

Det skal betalast gebyr per utsepp etter følgjande satsar:

- a Anlegg der utseppet er kalkulert til < 15 PE kr 3 080,-
- b Anlegg der utseppet er kalkulert til mellom 15 og 100 PE kr 5 920,-
- c Anlegg der utseppet er kalkulert til over 100 kr 8 960,-

Der ein søknad gjeld fleire avlaup av same storleik på same eigedom i høve til inndelinga ovanfor, skal det krevjast halvt gebyr per avlaup frå og med nr. 2.

Der ein søknad gjeld fleire avlaup av ulik storleik på same eigedom i høve til inndelinga ovanfor, skal det krevjast fullt gebyr for det avlaupet som gjev størst gebyr og halvt gebyr i høve til klassen per avlaup som kjem i tillegg.

Søklar kan krevjast for refusjon av utlegg til fagkunnig hjelp.

#### **Driftskontroll**

For driftskontroll utført av kommunen eller pålagt av kommunen skal reelle utgifter dekkas av eigar.

### *8. Handsamingsgebyr for detaljreguleringsplanar.*

Måleenhet	Ny sats kr
Reguleringsplan + tillegg for kvar eining	17 000,- 1 000,-
Endring av reg.plan + tillegg for kvar nye eining	17 000,- 1 000,-
Endring av reg.plan forenkla prosess + tillegg for kvar nye eining	10 000,- 1 000,-
Reguleringsplan,ny l.gongs handsaming	17 000,-
Mindre endringar adm- handsaming	10 000,-
Mindre endringar politisk handsaming	15 000,-
Førehandskonferanse	2 000,-
Små tiltak-minstegebyr	2 000,-
Mangelfull søknad- avvising/retur	2 000,-
Eigne kommunale planar	0,00

Gebyret skal fakturerast straks saka takast opp til l.gongs handsaming. Beløpet skal ikkje refunderast dersom planane eventuelt vert forkasta. Beløpet omfattar ikkje utgifter til kunngjering om igongsetjing av regulering, jfr. plan- og bygningslovas § 12-8, då desse dekkast av den private part.

## 9. Gebyr for arbeid etter Matrikkeloven

Gebyr for arbeid etter Matrikkeloven blir fastsett som fylgjar:

### 9.1 Oppretting av Matrikkeleining

#### 9.1.1 Oppretting av grunneigedom og festegrund

Måleenhet	Ny sats kr
Areal frå 0-500 m <sup>2</sup>	16 480,-
Areal frå 501-2000 m <sup>2</sup>	17 700,-
Areal over 2001 m <sup>2</sup> - auke pr påstarta daa.	1 430,-

Dersom det er oppmåling av fleire tomter som grensar til kvarandre og det er same rekvirent, reduserat gebyret med 15% frå og med tomt nr.2. Eigedom/tomt med meir enn 5 grensepunkt: tillegg kr. 1.000,- per punkt frå og med 6.punkt. Der markarbeid ikkje er påkrevd, utløyser det halvt gebyr.

#### 9.1.2 Matrikulering av eksisterande umatrikulert grunn

Måleenhet	Ny sats kr
Areal frå 0-500 m <sup>2</sup>	16 480,-
Areal frå 501-2000 m <sup>2</sup>	17 700,-
Areal over 2001 m <sup>2</sup> - auke pr påstarta daa.	1 430,-

Eigedom/tomt med meir enn 5 grensepunkt: tillegg kr. 1.000,- per punkt frå og med 6.punkt.

#### 9.1.3 Oppretting av uteareal på eigarseksjon. Gebyr for oppmåling av uteareal pr. eigarseksjon

Måleenhet	Ny sats kr
Areal frå 0-250m <sup>2</sup>	8 960,-
Areal frå 251-2000 m <sup>2</sup>	13 400,-
Areal over 2001 m <sup>2</sup> - auke pr påstarta daa	2 970,-

Eigedom/tomt med meir enn 5 grensepunkt: tillegg kr. 1.000,- per punkt frå og med 6.punkt.

#### 9.1.4 Oppretting av anleggseigedom (volumeigedom, t.d.tunnel)

Gebyr for oppretting av grunneigedom. Det er m<sup>2</sup> som er grunnlag for gebyr, ikkje volum.

Måleenhet	Ny sats kr
Areal frå 0-2000 m <sup>2</sup>	33 475,-
Areal over 2001 m <sup>2</sup> - auke pr påstarta daa.	2 730,-

#### 9.1.5 Registrering av jordsameige

Gebyr for registrering av eksisterande jordsameige vert fakturert etter anvendt tid. Sjå pkt 9.12 Timepris.

### 9.2 Oppretting av matrikkeleining utan fullført oppmålingsforretning

Gebyret blir som i punktane 9.1.1 - 9.1.5 pluss eit tillegg på kr. 2 915,- .

### 9.3 Grensejustering

#### 9.3.1 Grensejustering, festegrund og jordsameige

Ved gebyr for grensejustering kan ein justere arealet på ein eigedom med inntil 5% av storleiken på eigedomen. Ein kan maksimalt endre storleiken med 500 m<sup>2</sup>. Ein eigedom kan ikkje avgi areal som til saman blir meir enn 20% av arealet til eigedomen sitt areal før justeringa.

Måleenhet	Ny sats kr
Areal frå – 250m <sup>2</sup>	5 780,-
Areal 251m <sup>2</sup> -500m <sup>2</sup>	7 400,-

### 9.3.2 Anleggseigedom (volumeigedom, t.d.tunnel)

For anleggseigedom kan volumet endrast med inntil 5% av anleggseigedomens sitt volum. Den maksimale justeringa kan ikkje vere meir enn 1000 m<sup>3</sup>.

Måleenhet	Ny sats kr
Volum frå 0-250 m <sup>3</sup>	19 880,-
Volum frå 251-1000 m <sup>3</sup>	26 780,-

## 9.4 Arealoverføring

### 9.4.1 Grunneigedom, festegrund og jordsameige

Ved arealoverføring skal oppmålingsforretning og tinglysing gjennomførast. Arealoverføring utløyer dokumentavgift. Dette gjeld ikkje arealoverføring til veg- og jernbaneføremål.

Måleenhet	Ny sats kr
Areal frå 0-250 m <sup>2</sup>	8 755,-
Areal frå 251-500 m <sup>2</sup>	12 670,-
Areal over 501 m <sup>2</sup> - auke pr nytt påstarta 500 m <sup>2</sup> .	1 430,-

Eigedom/tomt med meir enn 5 grensepunkt: tillegg kr. 1.000,- per punkt frå og med 6.punkt.

### 9.4.2 Anleggseigedom (volumeigedom, t.d. tunnel)

For anleggseigedom kan det volum som skal overførast frå ein matrikkeleining til ein annan ikkje vere registrert på ein tredje matrikkeleining. Volum kan berre overførast til ei matrikkeleining dersom krava for samanføyning er tilstades. Matrikkeleininga skal vere eit samanhengande volum.

Måleenhet	Ny sats kr
Areal frå 0-500m <sup>3</sup> volum	33 500,-
Areal over 501 m <sup>3</sup> - auke pr nytt påstarta 500 m <sup>2</sup> .	13 400,-

## 9.5 Klarlegging av eksisterande grense der grensa tidlegare er koordinatfastsett ved oppmålingsforretning

Måleenhet	Ny sats kr
For inntil 2 punkt	5 460,-
Dersom det er fleir enn 2 punkt er det tillegg pr pkt	1 215,-

## 9.6 Klarlegging av eksisterande grense der grensa ikkje tidlegare er koordinatfastsett, ”skyldskifteigedom” eller klarlegging av rettigheter

Måleenhet	Ny sats per eining kr
For inntil 4 punkt	14 730,-
Dersom det er fleir enn 4 punkt er det tillegg pr pkt	1 215,-

Klarlegging av rettigheter vert fakturert etter anvendt tid. Sjå pkt 9.12 Timepris

### **9.7 Privat grenseavtale og matrikkelføring**

For inntil 2 grensepunkt eller 100 m grenselengde kr. 8 670,-

For fleire enn 2 pkt eller meir enn 100 m grense blir det tillegg for kvart punkt eller kvart påbegynt 100 m grenselengde på kr. 1 215,-

Det kan gjerast avtale om at ein skal rekne gebyr etter anvendt tid. Sjå pkt. 9.12 Timepris.

### **9.8 Urimeleg gebyr**

Dersom gebyret er heilt klart urimeleg i høve til dei prinsippa som er lagd til grunn, og i høve til det arbeidet og kostnadene som kommunen har hatt, så kan rådmannen fastsette eit redusert gebyr.

Rådmannen kan med same føresetnader, og på bakgrunn av grunngeve søknad frå den som har fått krav om betaling av gebyr, fastsette eit redusert gebyr.

### **9.9 Betalingstidspunkt**

Gebyret skal vere betalt før kommunen sender saka til tinglysing. I saker der det ikkje ender opp med dokument som skal til tinglysing, så skal gebyret vere betalt før kommunen lagar endelege dokument i saka.

### **9.10 Forandringar i grunnlaget for matrikkelføring av saken**

Dersom rekvirenten gjør forandringar i grunnlaget for matrikkelføring av saken undervegs i saken, blir likevel gebyret oppretthalde som eit minimum, men kan få eit tillegg.

### **9.11 Utsteding av matrikkelbrev**

Matrikkelbrev inntil 10 sidar kr 175,-

Matrikkelbrev over 10 sidar kr 350,-

Makstakst iht matrikkelforskrifta § 16,4.

### **9.12 Timepris**

Gebyr for sakshandsaming for andre oppmåling-/matrikkelsaker vert fakturert etter medgått tid, grunnlag kr. 1050,- per time. Ved bruk av ekstern bistand vert dette fakturert i tillegg etter gjeldande timesats frå den sakkyndige sitt føretak.

### **9.13 Avbrot i oppmålingsforretning eller matrikulering**

Gebyr for utført arbeid når saka blir trekt før den er fullført, må avvisast eller at saka ikkje lar seg matrikkelføre på grunn av endra heimelstilhøve eller av andre grunnar ikkje kan slutførast, er sett til 2/3 av gebyrsatsane i punkt 9.1-9.7. Hvis saka trekkes, avvises eller ikkje slutførast av andre grunnar før landmåler har møtt til oppmålingsforretning, kan gebyr settes til 1/3 av aktuell gebyrsats.

## ***10. Gebyr for handsaming av delings- og konsesjonssaker.***

Handsaming konsesjonssøknad kr. 5 150,-

Deling etter jordlova kr. 2 060,-

Gebyra er sentralt fastsett. Gebyra kjem i tillegg til handsamingsgebyr etter Plan- og bygningslova.

## ***11. Fellingsavgift for elg og hjort***

Ein følger maksimalsats i følge sentrale retningslinjer for fellingsavgift.

Sal av fallvilt kr. 57,- pr.kg.

## 12. Infoland

Produkt	Ny sats kr
Eigedomsmeglarpakke med bygning på eigedom	1 597,-
Eigedomsmeglarpakke utan bygning på eigedom	1 224,-
Grunnkart	204,-
Planstatus	315,-
Vannforsyning og avlaupsforhold	157,-
Legalpant og andre økonomiske forhold	138,-
Samla rapport for matrikkelenhet (eigedomskart)	215,-
Bygningsopplysningar	138,-
Ortofoto i farger	203,-
Ferdigattest/midlertidig brukstillatelse	232,-
Naboliste	138,-
Arealplanar	315,-
Reguleringsforhold	315,-
Bygningsteikningar	365,-
Leidningskart	203,-
Vedtekter for seksjonssameige	138,-
Detaljerte kartdata – utval	Etter berekning

Ovennemnte er dei prisane vi får. I tillegg kjem Ambita As sitt påslag før endeleg pris til kunden vert berekna.

## 13. Foreldrebetaling i barnehagane

Måleenhet	Ny sats per mnd. Kr
Inntekt opp til 4 G	1 214,-
Inntekt fra 4G til 5 G	1 976,-
Inntekt over 5 G	2 646,-

G snitt i 2018 er kr. 96 883. Grunnlag er pensjonsgivende inntekt. Satsen vert i utgangspunkt sett til høgaste sats. For å få lågare sats må foreldra selv søke og dokumentere lågare inntekt.

Prisene gjelder ved 100% plass. (80 og 60% plass; 80 og 60% av full pris))

50% søskenmoderasjon. Søskenmoderasjon gjeld mot søsken i barnehagen og samordning mot SFO.

Det er SFO-prisen som reduserast.

Prisene beregnes for 10 mnd. Kost kr 300,-/mnd kommer i tillegg. Den 11 mnd- faktureres med dagspris iht påmelding. Dagspris kr 162,-

## 14. Betalings-satsar for skulefritidsordninga

Måleenhet	Ny sats per mnd. kr
Inntekt opp til 4 G	636,-
Inntekt fra 4G til 5 G	1 130,-
Inntekt over 5 G	1 500,-

G snitt i 2018 er kr. 96 883. Grunnlag er pensjonsgivende inntekt. Satsen vert i utgangspunkt sett til høgaste sats. For å få lågare sats må foreldra selv søke og dokumentere lågare inntekt. 50% søskenmoderasjon. Søskenmoderasjon gjeld mot søsken i SFO, og samordning mot barnehage. Det er SFO-prisen som reduserast. Kost kr 250,- kommer i tillegg. Prisene beregnes for 10 mnd. Den 11 mnd – faktureres med dagspris iht påmelding. Dagspris kr 90,-.

### 15. Elevbetaling i kulturskulen

Måleenhet	Ny sats
Pris pr. semester, (*)individuell undervisning	kr. 1090,-
(* ) Pris pr. semester, pr. elev i gruppe-undervisning	kr. 545,-
Pris per semester pr pers i vaksenkoret	kr. 545,-
Leige av instrument pr semester	kr. 268,-
Erstatning av utstyr, inntil	kr. 2 500,-

(\* ) 50 % søskenmoderasjon. (Barn 1 betaler full pris, søsken betaler 50%)

### 16. Utleige av samfunnshus/grendehus.

Utleige av samfunnshus/ grendehus	Ny sats Prisgruppe 1 kr	Ny sats Prisgruppe 2 kr
Leige pr. dag.	3.900,-	1 000,- (2)
Leige pr. dag, delar av huset (gymsal, festsal, foaje)	1.960,-	1 000,- (2)
Leige av lokaler i opningstida: -møterom (lesesal/hemsen), inntil 4 timer - kjøkken, inntil 4 timer	660,- 660,-	
Tillegg for leige av lokaler utanom opningstid	400,-	400,-
Leige gymsal, -per time for trening (kun i åpningstida)	270,-	0,-
Treningsavgift		0,-
Pr gang	80,-	
Klippekort 10 ganger	500,-	
Årskort	1 000,-	
Bruk reinhaldstenester, pr time (1)	600,-	600,-
Bruk vaktmeistertenester, pr time (1)	600,-	600,-
Leige Hovden langrennarena/Flatlandsstoga	1 100,-	400,- (2)

Prisgruppe 2: Innbyggjarar samt lokale lag og organisasjonar. (2) Gjeld likevel privatpersonar (unnateke barneselskap) og utanom åpningstid/i helg også lokale lag og organisasjonar.

Prisgruppe 1: Dei som ikkje er i prisgruppe 2.

For utfyllende vilkår, reglar og rutiner samt bestilling; kontakt Hovden Grendehus / Bykle samfunnshus.

Utarbeiding av utfyllende vilkår, reglar og rutiner er delegert kommunedirektøren.

### 17. Diverse prisar, kopiering, leige lydutstyr, scene ol

Utstyr	Ny sats Prisgruppe 1	Ny sats Prisgruppe 2
Liten lydriigg/utandørs lydriigg	590,-	360,-
Scene, element 2x1 m . evnt bord. Pr stk	100,-	50,-
Leige kjøkkenservice- og utstyr (ut av huset) minimumspris/inntil 20 personer	400,-	200,-
For 20-70 personar	600,-	300,-
Over 70 personar	800,-	400,-
Leige møblar (ut av huset) minimumspris/inntil 20 personar	500,-	250,-
For 20-70 personar	1 000,-	500,-
Over 70 personar	1 400,-	700,-
Møteservering i åpningstid, servering i tillegg til innkjøp varer	200,-	200,-
Møteservering i åpningstid, Kanne kaffe/te pr stk	75,-	75,-
Kopiering (kulturhus og rådhus) Kontant betaling for privatpersonar (ikkje lokale lag og organisasjonar). Pris per kopi (mva inkl).	Frå kr 2,-	Frå kr 2,-
Laminering, kontant betaling, per ark frå , mva inkl A4	Frå kr 10,-	Frå kr 10,-
Plotting, kontant betaling, per ark frå , mva inkl A	50,-	50,-
Adgangs symjehallen Bykle	Kr. 0,-	Kr. 0,-

Prisgruppe 2: Innbyggjarar samt lokale lag og organisasjonar.

Prisgruppe 1: Dei som ikkje er i prisgruppe 2.

For utfyllende vilkår, reglar og rutiner samt bestilling; kontakt Hovden Grendehus / Bykle samfunnshus.

Utarbeiding av utfyllende vilkår, reglar og rutiner er delegert kommunedirektøren.

### 18. Kyrkja, festeavgift graver m.m.

Gjeldande sats for festeavgift er kr. 1 000,- pr.grav for ein periode på 10 år. (kr. 100,- pr år fakturerast 10 år av gongen). Fri tilgang til kyrkjer i kommunen.

### 19. Betaling for opphald på institusjon

Eining	Ny sats
Betaling av grunnbeløpet i folketrygda	75 %
Betaling av pensjon over G, samt anna inntekt	85%
Korttidsopphald, pr. døgn	sentrale retningslinjer
Sal plass til andre kommuner	Kr 3 040,-per døgn
Leige ekstra rom(om ledig)	Kr 3 300,- pr/mnd
Sal av plass til besøkende	Kr 1 050,- per døgn
Omsorgsbustad i institusjon	Kr 7 900,- per mnd
Abonnement frukost,lunsj og middag (omsorgsbustad)	Kr 3 450,- pr mnd

## 20. Heimehjelp.

Eining	Ny sats kr per time
Nettoinntekt 0-2G	* 56,-
Nettoinntekt 2-3 G	** 75,-
Nettoinntekt 3-4 G	116,-
Nettoinntekt 4-5G	138,-
Nettoinntekt over 5 G	170,-

Grunnlag nettoinntekt: husstandens samlede skattbare nettoinntekt før særfradrag.

\* Sentralt fastsett tak, (for tida kr. 200,- pr. mnd)

\*\* Lokalt fastsett tak kr 1500 pr. mnd. G = 99 858,- per mai 2019

## 21. Diverse varer og tenester frå helsesektoren.

Eining	Ny sats kr
Ambulerande vaktmeister	
Nettoinntekt 0-2G	195,- pr time
Nettoinntekt over 2 G	275,- pr time
Trygghetsalarm *	
1 års abonnement	2 850,- per år
Leige pr mnd	350,- pr mnd
Sal av frukost/kveldsmat	45,- per måltid
Sal av middag kjørt til bustad	145,- per måltid
Sal av måltid på dagsenter	
Lunsj med kaffi	60,- per måltid
Middag med kaffi	85,- per måltid
Leige barnesete	38,- pr. måned
Leige sikkerhetsnett	38,- pr. måned
Eingangssett brystpumpe	160,-

\*Oppsøkjande verksemd for trygghetsalarm er gratis. Hjelp til montering og reparasjon er gratis.

## 22. Husleigesatsar.

Grunnsatsen for alle husleiger for tilrettelagde bustader og ungdomsbustad (etter antall m<sup>2</sup>) og marknadsleige for øvrige kommunale utleigebustader vert auka med 3%, og 3% der ein ikke har anna regulering i leigekontraktane, jfr. gjeldande kontrakter som har regulering etter konsumprisindeksen. Der møblar eller kvitevarer vert leigd, vert leiga regulert på lik linje med husleige.

### For nye kontrakter på tilrettelagde bustader nyttar ein marknadsleige.

Pris etter marknadsleige. I det påfylgjande er det trekk fram eksempel på korleis prisfastsetjinga etter marknadsleige vil slå ut.

Eining Bykle	Ny sats kr per mnd
Einebustad	6 470,-
Vertikaldelt ( min 3 sov)	5 830,-
Hovudleilighet/leil ( min 2 sov)	5 180,-
Hybelleilighet ( 1 sov)	3 235,-
Garasje	392,-

Eining Hovden	Ny sats kr per mnd
Einebustad	7 770,-
Vertikaldelt (min 3 sov)	6 470,-
Hovudleilighet/leil (min 2 sov)	5 830,-
Hybelleilighet (1 sov)	4 530,-
Garasje	397,-

Av rekrutteringsomsyn legg ein inn ei subsidiering dei tre (3) fyrste åra slik:  
År 1,2 og 3: 30% rabatt på marknadsleige. Marknadsleige frå år 4 med vanleg konsumprisindeksregulering.

### 23. Boligtomt.

Pris	Ny sats
Pris pr kvm <sup>2</sup> råtomt	Kr. 21,-
+ andel veg/vann/kloakk	Kr. 49 500,-

### 24. Utleige av næringsbygg.

Eining	Ny ordning
Utleige av næringsbygg	Etter særskilte kontrakter
Utleige Lislestog, styrt av stiftelsen	Pr. dag, kr.1.200,-
Utleige næringsområde	Kr. 10,- per kvm per mnd

### 25. Ymse tilskotts- og stønadsordningar.

Eining – tilskotts/stønadsordn.	Ny sats
Stipend skuleelevar (eige reglement):	Kr. 10.000,- pr.år
Lærlingetilskott:	kr. 700,- per månad
Skikort, barn t.o.m. 18 år registrerte i manntallet **	Eigendel kr 200,- resterande vert dekt 50/50 av kommunen/skisenteret
Årskort badeland barn-som skikort **	Eigendel kr 100,-. Resterande vert dekt 50/50 av kommunen/badeland
Tilskott kjeveortopedi	Behovsprøvast jfr eige reglement
Tilskott til briller for barn under 16 år	Behovsprøvast jfr eige reglement
Tilskott til næringsføremål (også jord- og skogbruk).	Handsaming som einskildsaker, næringsramma
Skotpremie; Mår og mink Rev	Kr. 300,- Kr. 500,-
Særskilte arrangement, avgjerd delegert til rådmannen opp til 10.000,- Politisk handsaming ved søknad over kr. 10.000,-.	Handsamast som einskildsaker, næringsramma
Utviklingsstipend	Eige regelverk Ksak 79/14 Kr. 25.000,-.

Kulturpris	Eige regelverk Kr. 10.000,- + kunstverk
Kulturmidlar, tilskott grendehus/kulturhus, tilskott bøker/film, tilskott arrangement o.a. kulturtilskott	Eige regleverk Samla ramme kr. 750 000
Tilskott bustadbygging privat/spreidd	Eige regelverk Inntil kr. 40.000,-v/k
Etableringstilskott Indeksreguleres årlig frå 1.1.2016 kr. 110 000,- utgpkt indeksreg	Eige regelverk Kr. 120 300,- indeksregulert
Startlån	Eige regelverk

Prislista er ikkje uttømmende. Utdypande reglement for tilskott finn du på [www.bykle.kommune.no](http://www.bykle.kommune.no)  
Ved behovsprøving legg vi staten sine rettleiande retningslinjer vedkommande sats for livsopphald + 10% til grunn. \*\* Tilskott til skikort/ årskort badeland: ny pris gjeld sesongen 2020/2021.

Forbehold om trykkfeil.

Foto: Normanns kunstforlag, Tallak Hoslemo, Ann Ebeltoft